	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-3 244	-1 870	-1 870	-5 077	3 207	171,5 %
Utbytte	-334	-4 500	-4 500	-858	-3 642	-80,9 %
Renteutgifter	4 410	6 000	4 500	7 795	-3 295	-73,2 %
Avdrag på lån	7 446	9 000	9 000	7 856	1 144	12,7 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	8 278	8 630	7 130	9 716	-2 586	-36,3 %

Avsetninger og årsoppgjørdisposisjoner - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Opph. bud. 2023	Rev.bud. 2023	Rekneskap 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Overføring til investering	11 060	19 975	19 975	24 373	-4 398	-22,0 %
Avsetninger til bundne driftsfond	24 869	24 200	24 200	24 678	-478	-2,0 %
Bruk av bundne driftsfond	-11 060	-37 500	-41 613	-41 673	60	0,1 %
Avsetninger til disposisjonsfond	33 257	55 674	55 674	63 354	-7 679	-13,8 %
Bruk av disposisjonsfond	-4 158	-6 082	-20 691	-50 691	30 000	145,0 %
Netto avsetnader	53 968	56 268	37 546	20 041	17 505	46,6 %

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Bruk av avsetninger						
Bruk av bundne driftsfond	-16 387	-39 039	-43 152	-45 964	2 812	6,5 %
Bruk av disposisjonsfond	-4 158	-6 082	-20 691	-50 691	30 000	145,0 %
Sum bruk av avsetnader	-20 545	-45 121	-63 843	-96 655	32 812	51,4 %
Avsetninger						
Overføring til investering	11 060	19 975	19 975	24 373	-4 398	-22,0 %
Avsetninger til bundne driftsfond	26 529	24 236	24 236	32 469	-8 233	-34,0 %
Avsetninger til disposisjonsfond	33 257	55 674	55 674	63 354	-7 679	-13,8 %
Sum avsetnader	70 846	99 885	99 885	120 195	-20 310	-20,3 %
Netto driftsresultat	-50 301	-54 765	-36 043	-23 540	-12 502	-34,7 %
Sum driftsinntekter	-315 378	-320 794	-312 594	-328 197	15 603	5,0 %
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	15,9 %	17,1 %	11,5 %	7,2 %	-80,1 %	0,0 %

Årsmelding 2023

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-77 825	-83 988	-80 000	-75 800
Inntekt- og formuesskatt	-52 511	-54 279	-47 600	-47 600
Eigedomsskatt	-5 164	-8 609	-6 200	-6 200
Andre generelle driftsinntekter	-92 708	-38 752	-102 200	-98 200
Sum Sum generelle driftsinntekter	-228 208	-185 628	-236 000	-227 800
Netto finansutgifter				
Renteinntekter	-3 277	-5 174	-1 915	-1 915
Utbytte	-437	-960	-4 589	-4 589
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0
Renteutgifter	4 548	7 795	6 000	4 500
Avdrag på lån	7 446	7 856	9 000	9 000
Sum Netto finansutgifter	8 280	9 517	8 497	6 997
Sum sentrale inntekter og finansposter	-219 928	-176 111	-227 504	-220 804
Tenesteområda - drift	169 627	152 230	172 739	184 761
Netto driftsresultat	-50 301	-23 881	-54 765	-36 043
Sum driftsinntekter	-315 378	-328 197	-320 794	-312 594
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	15,9 %	7,3 %	17,1 %	11,5 %

7. Kommentarer fra verksemdene

7.1. Sentrale politiske og adm organ

Området inneheld alle utgifter knytt til den politiske og administrative styringa av kommunen.

I området inngår møtegodtgjersle og andre utgifter til politiske organ. Vidare utgifter til servicetorg på kommunehuset, politisk sekretariat, post- og arkiv, HR-området, informasjon, rekneskap og økonomistyring og andre støttefunksjonar.

Vidare så har området sentrale funksjonar knytt til kvalitetssystem, internkontroll og utviklingsoppgåver for einingane, dei folkevalde organa som kommunestyret/formannskapet og råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing, ungdomsrådet, kontrollutvalet inkludert utgifter til revisjon, tilskott til interkommunale samarbeid til innkjøpsamarbeidet, personvernombod, borgerlige vigsler, store fellesposter som forsikringar, frikjøp hovudtillitsvalde og felles IKT-utgifter.

Status økonomi

Beløp i 1000

Årsmelding 2023

Gruppeansvar	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
10-Politiske og adm styringsorgan	3 164	3 604	3 248	-356	-11,0 %
11-Kommunedirektør	1 536	1 703	1 775	72	4,1 %
12-Stab	9 492	10 827	12 534	1 707	13,6 %
Sum	14 192	16 134	17 557	1 423	8,1 %

Ansvar 10- Politiske organ

Samla sett viser rekneskapen for 2023 utgifter på 3.604.024 kr (3.248.296 kr i 2022) relatert til politiske organ inkl kontroll og revisjon samt overføring til Valdres Næring og Kulturpark.

Ansvar 11 og 12 - Kommunedirektøren og stab – fellestenester

Rekneskapsområdet for stab og kommunedirektøren viser til samla utgifter på 17.178.261 kr for 2023 som utgjør 376.598 i netto meirutgift i forhold til budsjett.

Avviket er i hovudsak grunna i følgjande forhold :

10 -politiske organ kontroll/ revisjon

- Meirutgifter knytt til godtgjersle til folkevalde på 236.786 kr
- Mindreutgift knytt til revisjon og kontrollutval 190.498 kr
- Meirutgifter til aktivitetar for barn og unge 76.325 kr
- Andre meirutgifter knytt til møter / IKT-utg 233.115 kr

11 Kommunedirektør og stab

Netto meirutgifter knytt til kommunedirektør og stab er knytt til avvik knytt til lisensar, konsulentbistand enn føresett i budsjettet.

1 Sentrale politiske og adm organ	Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
10 Sentrale politiske organ	3 604 024	3 248 296	355 728	3 163 640
11 Kommunedirektør	1 702 732	1 775 055	- 72 323	1 536 162
12 Stab	12 627 140	12 533 947	93 193	9 491 830
Sum 1 Sentrale politiske og adm organ	17 933 896	17 557 298	376 598	14 191 633

KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2022	Vang 2023	Etnedal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragr Inn
Prioritet								
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	9 003	10 354	10 288	10 024	7 758	6 125	6 244	7 367
Diverse fellesutgifter brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	10	19	15	19	-120	8	17	402
Forv.utgifter i ei endomsforv. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	298	228	365	0	436	119	344	380

Årsmelding 2023

Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) * **) **)	245	255	327	245	236	199	153	312
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) * **) **)	837	926	901	718	606	570	565	886
Grunnlagsdata (Nivå 3)								
Eksl. KF/IKS Annet Avtalte årsverk eksklusive lange fravær (antall)	0,0	2,5	2,0	0,4	0,0	0,6	10,4	167,1

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Politiske og adm styringsorgan

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Politiske korgan og kontroll organ	3 164	3 604	3 248	-356	-11,0 %
Kommunedirektør	1 536	1 703	1 775	72	4,1 %
Stab	9 492	10 827	12 534	1 707	13,6 %

7.2. Utdanning og Kultur

Status økonomi

Beløp i 1000

Gruppeansvar	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
20-Kommunalsjef Utdanning og Kultur	6 282	5 889	5 128	-761	-14,8 %
22-Grunnskolen	27 274	34 554	31 444	-3 110	-9,9 %
25-Barnehager	14 603	17 181	17 846	665	3,7 %
26-Kultur	8 839	11 070	11 277	207	1,8 %
27-Vaksenopplæring	-1 770	-4 814	-2 789	2 025	72,6 %
28-Bufelleskap flyktninger	83	2	29	27	91,9 %
29-Frivilligsentralen	640	502	509	7	1,4 %
Sum	55 950	64 384	63 444	-940	-1,5 %

KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2022	Vang 2023	Etnedal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragr 06
Prioritet								
Brutto investeringsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger *)	349,4	2 284,5	29,3	0,0	690,4	27,6	0,0	4 191,6
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	5 241	5 937	3 209	4 605	3 815	2 274	3 628	4 319
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	34,6 %	28,9 %	15,2 %	19,5 %	20,0 %	23,8 %	18,8 %	22,4 %
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)	255 338	271 418	197 589	222 190	268 789	230 287	237 259	268 833

Årsmelding 2023

Netto driftsutgifter til funksjon 392 tilskudd til tros- og livssynssamfunn pr. innbygger *)	0	0	0	0	0	0	0	2
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner *)	2 238	2 911	1 644	1 528	1 391	1 189	1 216	1 261
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	113 932	143 295	96 930	132 652	140 460	147 126	127 241	138 214
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år *) **)	170 598	204 725	122 456	161 325	169 539	190 490	158 562	180 471
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	7 021	9 319	5 940	17 670	4 233	7 059	6 231	6 612
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	6 970	15 863	3 669	3 577	1 727	7 238	5 193	16 050
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	3,1 %	3,0 %	1,5 %	1,7 %	1,5 %	1,3 %	1,4 %	1,3 %
Produktivitet								
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger *) **)	1,7	4,1	2,2	2,1	0,7	4,5	1,4	3,0
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen *)	2 688	2 716	4 870	2 106	2 142	2 767	2 410	2 972
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker *)	29 435	40 583	35 494	34 814	24 098	24 434	27 687	31 028
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker *)	32 039	46 159	31 042	16 036	12 687	31 623	28 270	42 949
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	222 493	241 725	183 814	179 361	215 538	206 506	177 208	211 242
Dekningsgrad								
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	1,6 %	0,5 %	0,0 %	2,5 %	2,1 %	2,7 %	1,8 %	2,8 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	3,8 %	6,3 %	13,7 %	3,6 %	15,3 %	11,1 %	10,0 %	10,2 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	13,5 %	14,8 %	2,6 %	5,2 %	2,1 %	6,6 %	3,2 %	7,0 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	38,7 %	64,6 %	16,1 %	49,3 %	50,0 %	40,5 %	32,3 %	59,7 %
Kvalitet								
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	100,0	100,0	79,9	100,0	95,5	85,1	94,5	
Besøk i folkebibliotek per innbygger	6,7	6,7	0,0	2,5	2,4	5,2	3,2	2,4
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,7	4,0	4,2	4,2	3,9	3,6	4,3	
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	9,0	8,4	8,7	9,8	8,9	9,6	10,6	8,6
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	48,0	49,0	53,0	48,0	51,0	48,0	48,0	
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	50,0	49,0		50,0	52,0	50,0	46,0	
Andre nøkkeltal								
Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere	10,4							
Flyktninger - Faktisk bosetting - Prosent av anmodning	113,3 %			0,0 %	33,3 %			
Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning	100,0 %							
Innvandrere i arbeid (prosent)	53,5 %							

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Årsmelding 2023

Kommunalsjef Utdanning og Kultur

Kommunalsjef for utdanning og kultur har på overordna nivå ansvar for grunnskule med skulefritidsordning, barnehage, læringsssenter med vaksenopplæring, kulturskule, frivilligsentral, bibliotek, kulturarbeid, barne - og ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett, friluftsliv og natur - og kulturbasert reiseliv.

Mål for verksemda

- Skule og barnehage skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø.
- Skulen skal legge til rette for god kunnskapsformidling i samsvar med overordna nasjonale mål, lover, forskrifter og læreplanar.
- Innanfor etaten sine einingar skal ein legge til rette for at dei tilsette trivst og opplever personleg og fagleg utvikling.
- Innanfor kulturområdet skal ein støtte opp om lokale tiltak og arrangement, legge til rette for lokale kulturytringar og stimulere til nyskaping.
- Arbeide for best mogleg ressursutnytting innanfor tildelte budsjetterrammer.

Talet på tilsette i 2023 var ca. 125 + 6 ungdommar i sommarhalvåret. Dette utgjorde ca. 80 årsverk.

På etatskontoret har det i 2023 vore kommunalsjef i 100 % stilling, etatsrådgivar i 200 % stilling, kulturfagleg rådgivar i 40 % ut juli 2023. Vang kommune hadde eigen kommuneloped i 20 % stilling ut august 2023, ungdomsrådgivar i 20 % stilling og ungdomsarbeidar i 11 % stilling.

Arbeid med berekraftmåla: Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. FNs berekraftsmål består av 17 mål som skal fungere som ein felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. For etaten er det særskilt desse måla vi jobbar for:

1 UTRYDDE FATTIGDOM

3 GOD HELSE OG LIVSKVALITET

4 GOD UTDANNING

10 MINDRE ULIKHET

Oppvekstløftet: Barnevernsreforma trådde i kraft 1.1.2022. Reforma er ei samhandlingsreform for barn, unge og familiar slik at fleire barn skal få rett hjelp til rett tid, og at tilbodet skal tilpassast lokale forhold. Parallelt foregår det eit arbeid med "Laget rundt barnet" i barnehage og skulesektoren som blir kalla Kompetanseløftet. I Valdres ser ein barnevernsreforma og kompetanseløftet i samanheng for å lage eit heilheitleg tilbod til utsette barn og deira familiar. Dette er eit viktig tverretatleg samarbeid for særskilt utdanning og kultur og helse og omsorg.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	6 282	5 889	5 128	-761	-14,8 %

Årsmelding 2023

Grunnskulen

Mål for verksemda Vang barne- og ungdomsskule har følgjande overordna mål:

- å vere ein skule med eit inkluderande miljø, der elevar opplever meistringsskjensle og læringsglede
- å utvikle robuste elevar som er i stand til å takle både medgang og motgang
- å vere ein skule der tilsette trivst og opplever personleg utvikling, gjennom godt samarbeid i eit fagmiljø som baserer arbeidet på kunnskap.

Aktivitet og gjennomførte tiltak i 2023:

Vang barne- og ungdomsskule (VBU) hadde i 2023 om lag 55 tilsette og 189 elevar pr. 1. oktober 2023. I tråd med planane er talet på tilsette auka i 2023 samanlikna med 2022.

Også i 2023 har det vore eit eige introduksjonstilbod på VBU for elevar frå Vang mottakssenter. I løpet av året har totalt 69 elevar vore innoom introduksjonstilbodet, og i snitt gjennom skuleåret har det vore 21 elevar der. Busette flyktningar i skulealder har fått skuletilbod i dei ordinære klassane.

Uteområdet vart i 2023 oppgradert med eit større klatrestativ som er universelt tilrettelagt og har innebygde taktile spel og har vore eit viktig bidrag for å legge til rette for eit inkluderande miljø. Dette er gjennomført som prosjekt 288 med ein kostnad på ca. 888.000,- og innafor rammene i investeringsbudsjettet 2023 (K0230-F202-A430) som var avsett til eit løft av uteområda i både skule og barnehagar.

Utviklingsfokuset ved VBU i 2023 har vore relasjonar lærar-elev og elev-elev, tverrfaglegheit og pedagogisk analyse. Målet med dei tverrfaglege arbeida har vore å sjå samanhengar i og mellom fag, djubdelæring, samarbeidslæring og å byggje samhald i og på tvers av klassar.

Vang barne- og ungdomsskule har også som mål å skape ein kultur for lesing, og skulebiblioteket er ein viktig del av dette. I 2023 har Utdanningsdirektoratet løyvd kr 210.000,- til bibliotekutvikling og lesestimulering i regi av skule- og folkebiblioteket.

Det er i 2023 ikkje nokon utvikling i å sjå på løysing på framtidig auka rom-behovet på VBU. Arbeid er avventa mellom anna i påvente av ein avklart situasjonen for plan- og bygningstiltak i risikosone knytt til Skudshorn og flodbølgefare. Korleis ein kan løyse dette vil framleis vere eit aktuelt tema i 2024 og i økonomiplanen i kommande 4-års-periode.

SFO: 1.8.2023 vart det gratis SFO i skuleåret i Vang kommune. Over 40 elevar var påmeldt SFO frå skulestart i august 2023. Det har vore SFO-drift fem veker i skuleferien. Behovet for tilsette har auka, som følge av auka bruk og individuelle behov. Hausten 2023 er det tilsett ein SFO-leiar i 20 % stilling.

1.8.2023 vart det også endring i forskrift til opplæringslova (§ 1B-4) med 12 timar gratis SFO for både 1. og 2. -klassingar, også i ferietilbodet.

SFO tilbyr no dagleg eit måltid som fungerer som triveleg samlingspunkt og har fokus på sunn mat og god matkultur.

Resultatvurdering

Årsmelding 2023

Økonomi:

Vang barne- og ungdomsskule hadde i 2023 eit meirforbruk på ca. 2 651 00 kr i forhold til budsjett. Dette handlar i hovudsak om løn og lønsrelaterte kostnader. Ein del av dette kan forklarast med høgare lønsvekst enn forventa.

SFO hadde i 2023 kr 459000 større nettoutgift enn budsjettet. Dette er også i hovudsak knytt til lønnsutgifter, og noko til auka utgifter til mat. Dette er resultat både av auka tal på SFO-barn og det fokuset som har vore på mat og matkultur i SFO-kvardagen i tråd med rammeplanen for SFO. Brukarbetalinga vart budsjettet ned i 2023 samanlikna med 2022, men minka ikkje så mykje som forventa grunna noko meir bruk av ferie-SFO. Bortfall i brukarbetaling for 2023 som følgje av sentrale ordningar vart kompensert av staten i rammetilskott for 2023 med kr 690.000,-. Dette kjem ikkje fram i driftrekneskapen for SFO.

At SFO-tilbodet hausten 2023 er brukt av 64,6 % av barn i alderen 6-9 år, mot 38,7 % hausten 2022, er signal om at gratis SFO har hatt ønska effekt som eit positivt bidrag til oppvekstvilkår i Vang som når fleire enn tidlegare.

Elevundersøkinga hausten 2023: Elevundersøkinga er gjennomført for 5. – 10. klasse. Resultat frå denne blir presentert i «Tilstandsrapport frå grunnskulen» i mai.

Eksamen: Første eksamen etter pandemien vart gjennomført våren 2023. Alle elevar bestod eksamen og snittkarakter vart lik landsnittet med 3,4 i norsk hovudmål og 3,3 i sidemål.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	27 274	34 554	31 444	-3 110	-9,9 %

Barnehager

Høre barnehage

Mål og viktige planar

Barnehagen skal legge til rette for:

- God utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande læringsmiljø der leiken står i sentrum
- Arbeide for at alle barn trivast i barnehagen
- Utvikle personalet gjennom vidareutdanning, kompetansetiltak og rettleiing av nyutdanna/nytilsette. Fortsette praksis med at gode føredragshaldarar kjem til Vang for å halde kurs for dei tilsette. Dette gjer at fleire kan delta. Bruke kompetansen som allereie er i kommunen til å kurse det øvrige personalet.
 - Ernæringsmessig god mat i barnehagen.
 - Arbeide med Smart oppvekst fortsetter.
 - Utviklingsarbeid – Inkludering

Årsmelding 2023

- Utføre foreldreundersøking for barnehagen og kartlegge barnehagemiljøet.
- Arbeide for ein god overgang mellom barnehage, skule og SFO
- Arbeide for eit godt samarbeid mellom barnehage og heim
- Nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet
- Oppretthalde full barnehagedekning

Personalsituasjonen og satsingsområde

Personalsituasjon frå 1. januar 2024 er det 11 tilsette i Høre barnehage. Av desse er det styrar i 100% stilling, 2 pedagogar i til saman 200 % stilling, 1 barnehagelærer i 60% stilling, 6 fagarbeidarar i til saman 500% stilling og 1 assistentar i 80% stilling. Barnehagen har dette året hatt to pedagogar på dispensasjon pga. manglande søkarar, og generelle utfordringar med å få tak i kvalifisert personale.

Målsettinga om full barnehagedekning i Vang er oppfylt dei siste åra. Kommunen oppfyller ynskje om barnehageplass fortløpande, om det kan skje utan auke i driftsutgiftene. Det har ikkje vært mogleg å ta imot barn frå mottak enda pga. bemanningsutfordringar. Hovudopptaket er om våren etter kunningering i lokalavisa.

Smart oppvekst er ei satsing i Vang kommune. Høre barnehage har ein pedagog som har tatt «Smart utdanning» saman med ein pedagog i Fredheim og ein lærar ved Vang barne- og ungdomskule. Høre barnehagen fortsetter jobben med å skape robuste barn som tåler med- og motgang.

Høre barnehage arbeidar dette året med utviklingsarbeid innanfor inkludering. Vi har eit tett samarbeid med PPT og Barnevernet.

Maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod i 2023 var 3.000 kroner per måned og barnehagen blei gratis frå og med det tredje barnet for dei som hadde fleire barn i barnehagen på same tid.

Inntekstgrensa for 20 timars gratis kjernetid vert satt til 615.590,- frå 1.august 2023.

Investeringar:

Høre barnehage har dette året avskaffa seg grillhytte på barnehagens uteområde og fått nytt personalkjøkken på personalavdelinga

Fredheim barnehage

Fredheim barnehage ligg i sentrum av Vang, med gangavstand til biblioteket, kommunehuset, aktivitetsparken, Vang barne- og ungdomskule og Vangshallen.

Barnehagen har to avdelingar. Grindagjengen- stor avdeling, med 32 barn i alderen 3-6 år. Hugagløtten- minste avdeling, med 15 barn i alderen 1-3 år. Fredheim barnehage gjennomfører utedagar, ein dag for kvart årskull. Turane går til aktivitetsparken, Sjøvelbua, turar langs kongevegen, i nærområdet. Det vart sett opp drosje ut i lokalmiljøet. I vinterhalvåret til Åsvang på skidagar, for dei to eldste årskulla.

Satsingar innan utviklingsprogram:

· God utvikling for kvart einskild barn i eit trygt, inkluderande og stimulerande læringsmiljø, der leiken står i sentrum. Innhaldet er nedfelt i årsplanen.

Årsmelding 2023

- Utvikle personalet gjennom vidareutdanning, kompetansetiltak, utviklingsarbeid og rettleiing av nyutdanna / nyttilsette.

- Rekomp samarbeid i Valdres for alle tilsette. Eigne samlingar for ped.leiarane i dialogseminar.

- Styrarnettverket i Valdres har regionalt samarbeid med tre møter i halvåret.

Hausthavåret 2023 var Vang vertskap, med styrarane i Høre og Fredheim barnehage.

- Oppvektløftet – Barnevernsreformen med regionale samlingar. Syner til godt samarbeidet i laget rundt barna med PPT og barnevernet kvar månad. Barnevernet har utarbeidd eigen plan for samarbeidet i Vang og Vestre Slidre. PPT gjennomfører opplæring i refleksjonsverktøy i Fredheim barnehage.

- Tverrfagleg team i Vang har jamlege møter.

- Godt samarbeid mellom Høre og Fredheim barnehage gjennom faste møter, utviklingsarbeid og veiledning frå HINN (Høgskulen i innlandet)

- Eige regionalt veileder program for nyttilsette barnehagelærarar, med regional plan.

- Psykisk helseprogram med «SmartOppvekst» som hovudsatsingsområde. Ein tilsett, pedagogisk leiar, starta på trenarutdanning hausten-23.

- Eit godt samarbeid mellom heimen og barnehagen.

- Ein god overgang mellom barnehage, skule og SFO.

- Nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet.

- Ernæring med god mat i barnehagen. Barnehagane satsar på gode råvarer, med sunn mat, der ein lagar mat frå botn av.

Personalsituasjonen

Fredheim barnehage har styrar i 1,0 årsverk. I alt 5,6 årsverk for pedagogiske leiararar. Totalt 5,6 årsverk for fagarbeidar/assistentar. I alt 2,6 årsverk som utfører arbeid knytt til barn som krev ekstra ressurs innsats, av desse 1,2 med spesialpedagogisk utdanning. Vaktmeister og reinhaldar utgjer 0,7 årsverk. I hausthalvåret har 0,4 årsverk vore tilsett, med tilretteleggings tilskot frå NAV.

Oppsummering av psykososialt arbeidsmiljø: Fredheim barnehage har dette året lik skår med fjoråret. Det er grunnlag for å seia oss nøgd med psykososialt arbeidsmiljø, i Fredheim barnehage. Med 9,0 i snitt, tyder det på eit grunnleggande godt miljø.

Foreldresamarbeid

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg, leik, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (barnehageloven § 1).»

Foreldreundersøkelsen Fredheim barnehage (2023),(5 er høgaste skår). Inviterte 32- svar 12. Det var låg deltaking med 37,5 %. Resultatet representera ikkje eit fleirtal. Ein må sjå på tiltak for å betre oppslutnaden. Ute- og inne miljø - 3,9. Relasjon mellom barn og voksen - 4,2. Barnets trivsel - 4,6.

Årsmelding 2023

Informasjon - 4,0. Barnets utvikling - 4,5. Medverknad - 3,8. Henting og levering - 4,3 Tilvenjing og skulestart - 4,2. Tilfreds - 4,2.

HMS: Helse miljø og sikkerheit vert prioritert gjennom ros- analyse, kontrollar, med strenge rutinar for sikkerheit inne og ute. Det vert halde brannøvingar to gonger i året. Vernerundar kvart år. Skjekkrunder -vår og -haust. På våren er teknisk etat med på befaring av uteområdet. Avvik vert meldt der drift ikkje vert gjennomført med tilfredsstillande krav, i høve til gjeldande retningslinjer, forskrifter, lover og vedtak.

Miljøretta helsevern for Hallingdal og Valdres- Torpomoen har gjennomført og godkjent inn og utemiljøet i Fredheim barnehage. Styrer ved Fredheim barnehage har gjennomgått og fylt ut godkjenningsskjema, og MHVH-HV gjennomførte ei befaring ved Fredheim barnehage 05.12.2023.

'1.»Formål med forskriften er å bidra til at miljøet i barnehager, på skoler, skolefritidsordninger og leksehjelpordninger fremmer barns og elevs helse, trivsel, lek og læring, samt at sykdom, skade og alvorlige hendelser forebygges.»

To punkt har vore fylg opp i etterkant. 1- langtidsmåling av radon, 2-rapportar frå «Pelias» skadedyrfirma.

Økonomi

Årsrekneskapen syner eit overskot ved avdeling Fredheim, med ca 1,5 mil. Bemanningsramma vart utvida godt over minimum. Ved at fleire vedtak gjekk over til skulen frå august-23, hadde me ei betre ramme for hausten. Alt sjukefråværet vart ikkje erstatta med vikarar. Ein har klart å oppretthalde bemanningsnormen, grunna ei god ramme.

Utført 2023 Uteområdet i Fredheim barnehage vart utvikla og totalt oppgradert med nye flotte leikeapparat, samt godkjende nye underlag ved alle leikeapparat. Det nye ute anlegget stod ferdig – august 23. Barnehagen inviterte til storstilt innviing i oktober

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	14 603	17 181	17 846	665	3,7 %

Kultur

Vang kulturskule

Det var 64 elevplassar i kulturskulen hausten 2023, det vil si ei auke på 5 plassar samanlikna med 2022. Vang kulturskule har gitt tilbod til totalt 40 elevar. Ca 21 % av alle grunnskuleelevane i kommunen deltar i kulturskulen.

I 2023 er Victoria Ose tilsett som ny rektor etter at Oddbjørn Skeie har blitt pensjonist etter 15 år som kulturskulerektor.

Årsmelding 2023

Det har i 2023 vore tilbod innan både folkemusikk, klassisk og rytmisk musikk, visuelle kunstfag, teater, dans, andre kunst og kulturuttrykk. Kulturskulen har også i 2023 hatt dirigenttenester til kor og korps og det har vore «Korps i skulen».

Det har vore arrangert nokre intimkonsertar og elevkonsertar etter kvart semester.

Det har i 2023 også blitt laga ein film for marknadsføring av kulturskuletilbodet i samarbeid med dei andre kulturskulane i Valdres.

Det har samla sett ikkje vore store avvik mellom budsjett og rekneskap for kulturskulen i 2023.

Vang folkebibliotek

I bibliotektilbodet inngår m.a. utlån av fysisk og elektronisk materiale, tilby ein plass å vere, arrangere litterære og andre kulturelle aktivitetar, utlån av møtelokale og samarbeid med biblioteksektoren på ulike nivå. Biblioteklokala ligg på Vangstunet og er tilgjengeleg for publikum 30 timar i veka. Biblioteket er bemanna 22 av desse timane. Åtte timar i veka er det Vang frivilligsentral som held lokala ope.

Bok i butikk: I tillegg til det fysiske biblioteket kan fastbuande og tilreisande låne bøker ved Bok i butikk på Joker Filefjell og Joker Ryfoss. I kvar butikk står fem hyllemeter med bøker for alle aldrar, både skjønn- og faglitteratur. Lån frå Bok i butikk er tillitsbasert, "lån ei bok og sett ho tilbake når du er ferdig med ho".

Vang folkebibliotek har ei rekke mål og planar, mellom anna å formidle ulike kulturelle uttrykk med hovudvekt på litteratur og å vere ein sosial møteplass. I tillegg til innbyggjarane i Vang kommune skal Vang folkebibliotek yte service til tilreisande og andre som kjem innom.

Arrangement: I 2023 hadde biblioteket til saman over 120 arrangement, mellom anna:

Foredrag av Ingeborg Solbrekken fulgt av ei samtale mellom forfatter, ordførar og banksjef om boka «Jøden og jorden». Det kom 280 publikummarar frå fjern og nær. Arrangert i samarbeid med avisa Valdres.

Festivalbibliotek «Aasmunds lese krok» i hovudteltet på Vinjerock, godt besøkt av festivalfolket

Valdebatt i forkant av kommunevalet, både fysisk oppmøte og streaming

Besøk av og hjå barnehagane og VBU

Høgtlesing på dagsenteret på Vangsheimen

Fire kvisskveldar som samla folk i alle aldrar

Nesten 2800 personar har delteke på arrangementa og aktivitetane i 2023, arrangert av biblioteket åleine eller i samarbeid med frivilligsentralen og andre. Gjennom året har Vang Frivilligsentral og Vang folkebibliotek hatt meir eller mindre faste aktivitetar, som digi-kafé, språkkafe, lesesirkel, gitarspeling, barseltreff.

Valdres litteraturfest: (VL) vart gjennomført for tredje gong, 6.-12. november i samarbeid med dei andre biblioteka i Valdres. Ved Vang folkebibliotek var høgdepunktet Vinje-konsert med Aasmund Nordstoga med 80 stk i salen.

Årsmelding 2023

Prosjekt Leseglede ved VBU: Vi søkte og fekk tildelt 210 000 kr frå Utdanningsdirektoratet til å gjennomføre eit leseprosjekt skuleåret 2023/24. Midlane blir brukt til å auke stillingsressurs og deltaking på kurs og konferansar. Prosjektet avsluttast hausten 2024.

Bibliotekstatistikk: Samanlikna med 2022 har vi hatt ein oppgang i besøkstal, frå 11000 til drygt 11700. Vi har også hatt ei auke i talet på aktive lånarar, det fysiske utlånet har likevel halde seg på same nivå som 2022

Kino

Filmframvisinga har vore med Bygdekinoen i auditoriet på VBU og med ei lokal dugnadsgruppe som tilretteleggarar. Vang kommune ved kulturrådgivar tar ansvar for å koordinere og engasjere frivillige lag og foreiningar til innsats dei aktuelle kinokveldane.

Ungdomsarbeid

I 2023 har etaten m.a. gjennomført/støtta opp om følgjande tiltak for ungdom: Eftasklubb, ungdomsrådet, ungdomsklubben, lokalt UKM-arrangement, busstur til Hamar og Brumunddal samt kveldskøyning på Tyin.

Det er vanskeleg å skilje ut tiltak for ungdom frå dei mange aktivitetane som får støtte over kulturbudsjettet. Tiltak for ungdom blir høgt prioritert, og det beste er at ungdommen sjølv viser initiativ og har framlegg som etaten kan støtte økonomisk og/eller med anna hjelp. Ungdomsrådet har ein eigen pott i budsjettet, p.t. 30.000,- til disposisjon.

Den kulturelle skulesekken

Ved VBU var det i 2023 til saman 7 tilbod/arrangement frå "Den kulturelle skulesekken". Samla utgifter til DKS var 47.191 kr. Tilskot frå Innlandet fylkeskommune i 2023 var 70.000 kr. Ubrukte tilskot er sett på fond for seinare bruk.

Kunstutvalet

Utstillingsåpning siste helga i september med Gerd Matre Wevling med ulike trearbeid. Musikalsk innslag ved Ole Kristian Nyhagen fra Sør-Aurdal på bukkehorn og lur.

På initiativ frå kommunen vart det kjøpt inn eit verk som skal stå i kommunehuset etter ombygging. Kommunen bidrog med midlar utover ramma til Kunstutvalet.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	8 839	11 070	11 277	207	1,8 %

Årsmelding 2023

Vaksenopplæring

Aktivitetar og gjennomførte planlagte tiltak i 2023

Vang læringscenter

Mål :

- god individuell tilrettelegging
- fulltidsprogram, med norskopplæring og arbeids-og utdanningsretting som hovudfokus i tilbodet
- dei busette vert økonomisk sjølvstendig
- god trivsel og integrering i Vang

Vang kommune vedtok i 2023 å busette 50 flyktningar over to år, som følgje av at IMDi førebudde kommunane om å busette fleire flyktningar enn dei hadde anmoda om.

Gjennomførte tiltak i 2023

I 2023 busette Vang kommune 20 personer, i tråd med anmodninga, derav 6 born, hovudsakleg ukrainske flyktningar. Det var ei forventning om at det kunne vere utfordrande å skaffe nok eigna bustader i 2023. I godt samarbeid med private utleigarar og kommuna gjekk dette bra. Det har vore ein auke av busette ut i arbeid etter prøveordninga med lån til kjøp av bil og tilskot til førarkort. Kommuna har innvilga forlengelse av introduksjonsprogram for ein stor andel av dei busette, for å styrke språket, og auke moglegheiten for arbeid.

Oppfølging av busatte flyktningar

Vang læringscenter hadde på slutten av året oppfølging av 29 vaksne og 13 barn, innafor 5 årsperioda for integreringstilskotet (Integreringstilskudd | IMDi). 9 av borna går på Vang barne og ungdomsskule, og 4 born går i Fredheim og Høre barnehage.

Vang Læringscenter hadde i 2023 ansvar for å tilby norsk og samfunnskunnskap for 29 personar frå Vang mottakscenter, som har plikt til dette. Vidare vart det solgt tenester til Vestre Slidre kommune, der 6 personar har fått opplæring i norsk og andre tiltak som ein del av introduksjonsprogrammet. Det faktureres Vestre Slidre kommune kvart halvår.

3 personar tok avsluttande eksamen og fullførte grunnskule for vaksne våren 2023.

1 elev kom inn på Valdres vidaregåande hausten 2023, som følge av gjennomført grunnskuleeksamen 2023. 14 personar er i fast eller deltidsarbeid, etter endt introduksjonsprogram.

Sysselsatte Vang læringscenter:

4 årsverk lærer (inkl. spes ped), leiar 100 %, flyktningkonsulent 100 %, språkassistent 20 %, assistent spes.ped 37 %.

Med både salg av tenester til Vestre Slidre kommune, auka elevantall frå Vang mottakscenter, samt høgare tal på busetting, har omfanget av undervisninga auka med

Årsmelding 2023

oppretting av fleire klassar, og behov for fleire klasserom. Romkapastitet kan potensielt bli ein utfordring i løpet av neste år.

Statistikk om befolkning og flytting til Vang: <https://www.imdi.no/om-integrering-i-norge/statistikk/K3454/befolkning>

Vaksenopplæringa etter kapittel 4a, tilbyr opplæring til vaksne etter opplæringslova kap. 4A (grunnskule og spesialundervisning). Undervisningslokala er i aktivitetsbygget ved Lund.

Det er individuelle planar for kvar elev, og det er eit tett samarbeid med Lund arbeidsbase, bustad og verger. Det vart ansatt ein ny spesialpedagog som starta hausten 2023.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-1 770	-4 814	-2 789	2 025	72,6 %

Frivilligsentralen

Rammer og ressursar

Kari Hagaseth har vore styreleiar i 2023. Årsmøte vart halde 7. mars.

Dagleg leiar har hatt 20% permisjon grunna styreleiarverv i Norges Frivilligsentraler. Gjennom store delar av året har vi hatt AlleMed-koordinator/frivilligkoordinator i 50/40 %. Vi har også hatt ein medarbeidar i BUA på rammeavtale. I desember vedtok kommunestyret å gjere stillinga som frivilligkoordinator i 50% fast frå 2024.

35 frivillige har utført om lag 690 timar med frivillig arbeid for sentralen dette året.

I 2023 fikk vi 471 198,- i statstilskot. Samla driftsregnskap: 495 799,-

Store satsingar i 2023

I mars feira vi 10års-jubileum med musikk, talar, og stands der frivillige og samarbeidspartnarar presenterte våre aktivitetar. Ei utstilling med foto frå 10 års drift vekte mange gode minner.

I høve 10års-jubileet, samt at BUA skulle evaluerast etter 2 år, har vi evaluert drift, satsingsområde og potensiale for framtida. Evalueringa kan du lese på våre nettsider.

Saman med Innovangsjon og folkehelsekoordinator jobba vi vidare med synleggjering av frivilligheita og aktivitetstilbodet i Vang. Foreningsportalen vart vidareutvikla og lenka til aktivitetskalenderen på vangivaldres.no. 16 nye lag vart intervjuet, og dei til saman 32 presentasjonane vart samla i eit flott magasin som vart distribuert i alle postkasser før jul.

I budsjett for 2023 var det løyvd investering på Frivilligsentral/Bibliotek til utbetringar av skiljevegg for å betre forholda ved arrangement. Dette er ikkje gjennomført, midlane er overført til 2024.

Hovudmålet til frivilligsentralen: Vere drivkraft for frivillig verksemd i Vang.

Årsmelding 2023

Visjon: *Saman skaper vi eit godt og inkluderande lokalsamfunn.*

Delmål og korleis desse har vore løyst i 2023:

Delmål 1: Førebygge einsemd og bygge fellesskap på tvers av alder, kultur, bakgrunn og interesser

Sentralen heldt ope 3 dagar i veka. Faste møteplassar og aktivitetar, i samarbeid med andre har vore gitarkurs, barseltreff, digi-kafé, språkkafé, middagsservering på Storpløgen og øvingskøyring.

Saman med biblioteket og andre har vi arrangert 23 enkeltarrangement, mellom anna nye faste konsept som nærtur og generasjonstreff. Til saman deltok om lag 2300 på arrangementa og dei faste aktivitetane.

Delmål 2: Vere eit bindeledd mellom frivillig, offentleg og privat sektor, og ein støttespelar for frivillige lag og andre arrangørar

i har bidratt med marknadsføring til arrangement i regi av ulike lag, lånt ut lokala ved behov, bistått ved søknadsskriving og hatt tett dialog om foreningsportalen. Før kommunevalet arrangerte vi debatt saman med biblioteket og Avisa Valdres.

To familiar har fått oppfølging i Aktive saman, med frivillige som hjelper familien med transport til og frå aktivitet. I samarbeid med FK Vang ++ gjentok vi tilbodet om felles transport og dekt kontingenten gjennom fritidskassa til Tine fotballskule på Blåbærmyra.

Vi har vore med i prosjektgruppa for Leve heile livet, seinare avløyst av ny reform Bu trygt heime/satsingsområdet Levande lokalsamfunn, med mål om å skape aldersvennlege samfunn. Innspelsmøte med seniorar i mai resulterte i 2 treff med middag og aktivitetar på Tyinkryset, og vi har starta to digi-kaféar.

Delmål 3: Inspirere lokalsamfunnet i arbeidet med berekraft, mangfald, solidaritet, likestilling og inkludering.

I februar feira vi 2årsdag i BUA! Vi har hatt bra utlån gjennom heile 2023: totalt 1544 utlånte artiklar fordelt på 473 lån, av 145 unike låntakarar. BUA har hatt 2 timer opningstid pr veke + etter avtale. Tillitsbaserte utlån av VBU sine hockeyskøyter på Joker Ryfoss: totalt 38 utlånte par. Vi utvida i 2023 med tilsvarande utlån av diskar til diskgolfbana, totalt 30 utlånte sett. Vi arrangerte akedag i vinterferien, sommarfest, og aktivitetsdag i høve TV-aksjon, saman med gode samarbeidspartnarar. I desember mottok BUA-ene i Valdres og Hallingdal 20.000 kvar frå Sparebank1 Hallingdal/Valdres.

Årets TV-aksjon gikk til Redd Barna. Frivilligsentralen arrangerte temakveld og aktivitetsdag, og koordinerte den lokale komitéen samt 4 områdeleiarar som rekrutterte 26 bøsseberarar.

Også i år var det stor givarglede i Vang, og alle under 18 på mottakssenteret og læringscenteret fikk kvar si rikhaldige julegåve. Utfyllande handlingsplan og årsmelding er publisert på www.vang.frivilligsentral.no

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	640	502	509	7	1,4 %

Årsmelding 2023

8. Helse og Omsorg

Helse- og omsorgsetaten i Vang omfattar

- Helseavdelinga
- Vang legekantor
- Tilrettelagte tenester
- Vangsheimen og heimebaserte tenester
- Interkommunale tenester
- Rådgjevar helse- og omsorg
- Folkehelsekoordinator
- Kommuneoverlege

Kommunalsjef Helse- og omsorg er øvste leiar av etaten.

Overordna mål

Vang kommune skal utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi, nye faglege metodar.

Kommunen skal tilby naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer, differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.

Innbyggjarane skal kunne ha ein aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plagar. Me skal jobbe for auka brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.

God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver

Vang kommune skal ta omsyn til fokehelseperspektivet i planlegging, utbygging og drift. Kommunen skal samarbeide med frivillige organisasjonar der det er aktuelt, for å bidra til gode sosiale og miljømessige tilhøve. Innbyggjarane skal vere medvitne om ansvaret sitt for å ta vare på eiga helse.

Utvalde resultat

Etaten har i hovudsak god budsjettkontroll, det er likevel nokre avvik, samt at det ved omlegging av budsjett / overflytting av budsjett til andre område har vorte nokre feil i 2023:

Lønsområdet:

- Meirutgifter til pensjon på 6,9 mill knytt til KLP, utlikna mot premieavvik som er ført som finansinntekt (ikkje i etaten)
- Overtid - både VHT og TT har vesentleg avvik frå budsjettet. Dette skuldast m.a mangel på kvalifiserte vikarar, periodevis høgt korttidsfråvær og forskyving av vakter - 1,6 mill

Årsmelding 2023

Varer og tenester

Interkommunale tenester / tenestekjøp andre kommunar / private - samla avvik på 4,7 millionar:

- Tenestekjøp nye tenester 1,45 mill over budsjett
- NAV - auke i økonomisk sosialhjelp - 700'
- Barneverntenesten - meirforbruk som hovudsakleg skuldast nye tiltak som kom etter budsjettvedtak og budsjettendring, samt auka kostnader knytt til høgt sjukefråvær - 1,9 millionar
- Valdres interkommunale legevakt - meirutgifter på lønsområdet grunna m.a høgt sjukefråvær, høge kostnader til ferievikarar og generelt bemanningsutfordringer - 550'
- Intermediæravdelinga - meirforbruk som i hovudsak skuldast høgare lønskostnader enn budsjettet og betydeleg høgare kostnader til medikament og medisinsk forbruk. 150'

Viktige hendingar

Satsingsområde økonomiplan 2023

Status satsingsområde og tiltak Helse- og omsorgsetaten 2023

Utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester m.a. gjennom planlegging og gjennomføring av kvalitetsreforma «Leva heile livet i Vang»

- Leva heile livet i Vang er slutført som prosjekt, det er planlagt, kartlagt og iverksett mange tiltak på dei ulike prosjektområda: aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp og samanheng i tenester. Mange tiltak er over i drift. Arbeidet med det største området, eit aldersvenleg samfunn, vil bli vidareført i arbeidet med samfunnsdelen (KPS). Prosjektrapport lagt fram for kommunestyret i desember 2023.

Utgreie behov for omsorgs- og aldersbustader, planlegge bygging.

- Planlegging av byggeprosjekt var budsjettet i 2023. Grunna manglande kapasitet på prosjektleiing, vart dette ikkje gjennomført. Prosjektet overført til 2024.

Velferdsteknologi

- I gang med digital heimeoppfølging (DHO)
- Prosjektering av nytt signalanlegg på sjukeheimen - gjennomført i 2023
- Oppgradering av infrastruktur nett og straum for å nytte teknologiske løysingar budsjettet og påbyrja i 2023, ferdigstillast i 2024

Ha fokus på førebygging og livsmeistring i alle aldersgrupper.

- HO etaten har jobba systematisk med dette både i eigne tenester og i tverretatlege/tverrfaglege tenester. Auka satsing på førebyggjande tenester er og del av satsinga.
- Tiltak knytt til Leva heile livet-prosjektet:
 - Digi - kafe - for å hjelpe dei som ynskjer med digitale verktøy.
 - Møteplassen - ny møteplass

Årsmelding 2023

Ta omsyn til fokehelseperspektivet i planlegging, utbygging og drift

- Erfarar auka fokus på folkehelse i tverrfagleg arbeid og i planarbeid.

Vera ein attraktiv arbeidsgjevar som sikrar godt arbeidsmiljø, rett kompetanse, konkurransedyktig løn

- Stovevaktprosjektet er vidareført i drift – godt grunnlag for rekruttering av helsepersonell
- Styrking av helsestasjons- og skulehelsetenesta er gjennomført.
- Styrking av fysioterapitenesta er gjennomført
- 2023 er siste prosjekt år for Prosjekt Ung i Vang. Gode tilbakemeldingar og gode resultat – det blir viktig å vidareføre denne ressursen i ordinær drift.
- Legetenesten – rekruttert og tilsett legar i alle stillingar. Kommunelegefunksjonen er delt mellom to legar, i tillegg er det inngått avtale med Miljøretta helsevern Hallingdal og Valdres.
- Inngått sommaravtale for tilsette ved Vangsheimen, heimetenestane og tilrettelagt tenestar.
- Lærlinge-prosjekt - samarbeid mellom UK, HO og næringsliv for å bli ein attraktiv kommune for lærlingar

Oppretthalde fokus på godt fysisk og psykososialt oppvekstmiljø for barn og unge. Spesiell merksemd på unge med psykososiale vanskar.

- Etatane helse- og omsorg og utdanning og kultur jobbar med ein førebyggjande plan for å førebygge omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar jf. ny Barnevernlov frå 1.1.2023. Arbeidet er igang, men ikkje ferdigstilt.
- Oppvekstløftet i Valdres – prosjektet er del av satsinga som følgje av barnevernsreforma og kompetanseløftet i skule- og barnehage. Etaten er aktivt med i arbeidet.

Internkontroll

- Alle avdelingar i etaten har utarbeida overordna ROS for sine avdelingar. Følgjast opp med handlingsplanar, rutiner og tiltak.
- Internkontroll blir følgt opp på avdelingsnivå (i avdelings- og personalmøter) på etatsnivå (i leiar møter) og gjennom rapport til kommunedirektøren 2 ggr./år.
- HMS årsrapport levert frå alle avdelingar
- Spesielle utfordringar (avvik, arbeidsmiljøutfordringar, spesielle hendingar) blir følgt opp med aktuelle tilsette og leiarar. Kommunalsjef følgjer desse prosessane.
- Vernerunder, medarbeidarsamtaler og sjukefråvær er følgt opp i alle avdelingar.
- Nye statlege / overordna pålegg:
 - Ny barnevernslow og Lov om kommunen sitt ansvar på det boligsosiale området kom i 2023. Desse blir følgt opp og implementert
 - Det er kome fleire Stortingsmeldingar og rettleiarar som etaten følgjer opp; “Bu trygt heime”, Opptappingsplan for psykisk helse og folkehelsemeldinga for å nemne nokre.
- Avvik - det blir meldt avvik i alle avdelingar. Desse blir følgt opp av næraste leiar. Enkelte avvik tek lengre tid å lukke enn andre, grunna omfattande tiltak.
- VHT og TT har gjennomført brukarundersøkinga IVARETATT. Svarprosenten er svært låg, så det er vanskeleg å tolke / følge opp resultatata.
- Tilsyn: Arbeidstilsynet gjennomførte dokument-tilsyn med dagsenter og dagaktivitetstilbudet i september 2023. Det kom varsel om 3 pålegg. To varsla pålegg vart lukka ved nærare forklaring av system og rutiner. Eitt varsla pålegg; Manglande oversikt over organisering, ansvar og mynde i HMS- arbeidet, vart lukka ved at det vart utarbeida HMS- handbok for HO etaten. Tilsynet vart avslutta utan pålegg/avvik.

Årsmelding 2023

- Me brukar bedriftshelsetenesta som rådgjevar og bistand ved behov.

Folkehelse

Folkehelsekoordinator 50% stilling, organisert under etat helse- og omsorg.

Folkehelsekoordinator arbeider systematisk i planarbeid og prosjekt i kommunen, og leier det tverretatlege folkehelseteamet.

Gjennomførte aktivitetar og oppgåver:

Oppdatering av folkehelseoversikta for Vang kommune. Jamfør folkehelseloven § 5 skal folkehelsekoordinator og folkehelseteamet halde oversikt over helsetilstanden i befolkninga, samt vera i front ved å identifisere folkehelseutfordringar, planlegge og følgje opp tiltak. Teamet har faste møte cirka seks gonger i året og ved behov.

Folkehelseoversikta er revidert i 2023, og vart vedteken i kommunestyret 14. desember i 2023.

Folkehelsekoordinator er med i prosjektgruppa for kommuneplanens samfunnsdel (KSP), og har ei sentral rolle i dette arbeid. Folkehelsekoordinator jobbar tett med kommunedirektør i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel, planlegg folkevalt dagar, og fungerer som sekretær for den nyetablerte politiske KPS-komitéen.

Deltaking i *Folkehelseforum Valdres*. Forumet er for folkehelseansvarlege i alle Valdres kommunane og meint for erfaringsdeling og interkommunalt samarbeid.

Medlem i *Førebyggjande team (tidl. rusgruppa)* i Vang kommune. Medlem her er instansar som jobbar med barn og unge for å følgje opp ungdomsmiljøet i Vang.

Folkehelsekoordinator

- har delteke på den årlege Folkehelsekonferansen i Tromsø.
- deltok på kommuneplankonferanse, som forberedande til arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.
- deltok i folkehelseforum for Innlandet, med faste møter 2 gonger i året.
- har gjennomgått basis verge-kurs, og i prosess til å bli ressursperson for Vang i verge-teknikk.

Ein ny variant av fysisk aktivitet konkurransen for tilsette vart vidareført i andre halvår av 2023.

Prosjektarbeid:

- Leva heile livet i Vang
- Inkluderande frivilligheit, fritidskassa
- Aktive saman (fyrste halvår av 2023)
- Kommuneplanens samfunnsdel

Årsmelding 2023

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
30-Kommunalsjef Helse og Omsorg	2 200	2 178	2 259	80	3,6 %
31-Helseavdeling	9 583	12 166	12 197	31	0,3 %
32-Vang legekontor	5 541	5 727	5 159	-568	-11,0 %
33-NAV og barnevern	5 199	9 004	6 510	-2 494	-38,3 %
36-Vangsheimen og heimetenesta	43 034	50 971	42 465	-8 507	-20,0 %
39-Tilrettelagte tenester	20 676	25 125	23 220	-1 905	-8,2 %
Sum	86 232	105 171	91 809	-13 362	-14,6 %

KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2022	Vang 2023	Etnedal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe 06
Befolkning								
Befolkning - Personer som bor alene, 45 år +	27,2	26,1	34,7	28,6	30,0	28,1	31,0	
Prioritet								
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)	42,4 %	58,5 %	48,1 %	50,9 %	46,4 %	36,7 %	36,5 %	43,7 %
Helse- og omsorg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	44 522	51 865	30 114	44 665	36 193	39 227	45 216	43 456
Helse- og omsorg korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	55 706	60 275	42 775	46 613	52 213	43 171	51 228	54 762
Helse- og omsorg Lønn ekskl. sykelønn Beløp pr innb (kr) *)	47 451	51 927	37 069	39 936	45 050	32 602	43 160	45 770
Helse- og omsorg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	53 335	60 302	44 943	44 026	49 371	42 673	46 795	50 529
Helse- og omsorgstjenester i institusjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	21 165	22 060	18 071	27 545	15 787	12 695	14 506	18 643
Helse- og omsorgstjenester i institusjon korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	19 737	20 697	17 884	26 256	15 771	11 683	13 538	17 489
Helse- og omsorgstjenester i institusjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)	12 573	14 702	9 037	17 730	8 032	9 046	10 031	11 279
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	23 353	27 102	15 179	9 381	27 419	20 636	30 326	25 940
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	20 329	21 947	14 489	9 107	23 747	19 497	27 058	23 523
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende Lønn ekskl. sykelønn Beløp pr innb (kr) *)	19 484	21 038	13 881	8 091	22 478	16 394	24 822	21 562
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)	13 468	16 354	9 043	7 575	13 129	16 349	19 895	15 669
Institusjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	4 879	5 511	2 717	3 788	3 200	4 337	3 316	2 935
Institusjonslokaler korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	4 613	5 255	2 651	3 528	2 948	4 119	3 058	2 900

Årsmelding 2023

Institusjonslokaler lønn ekskl. sykelønn andel av totale utgifter (prosent)	1,7 %	1,7 %	0,4 %	0,5 %	0,9 %	1,4 %	0,6 %	1,1 %
Institusjonslokaler Lønn ekskl. sykelønn Beløp pr innb (kr) *)	1 713	1 867	341	447	732	1 009	554	976
Institusjonslokaler nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	5,7 %	4,9 %	1,6 %	3,3 %	2,5 %	4,0 %	2,1 %	3,0 %
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	187 003	272 727	483 769	327 120	748 571	432 882	365 438	325 642
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	12 160	20 681	26 602	24 658	25 168	29 694	27 027	20 305
Oppvekst og levkår								
Oppvekst og levkår - Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år								
Produktivit								
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	11,2	12,9	5,2	11,5	5,4	10,7	14,4	13,7
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak *)	107 948	113 318	251 154	255 360	401 500	285 471	235 315	192 928
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 285 012	1 377 129	1 275 000	3 145 150	1 083 408	1 447 639	1 601 529	1 626 396
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	0,0							
Dekningsgrad								
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,5 %	4,7 %		3,5 %	2,4 %	2,6 %	3,4 %	3,6 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	4,0 %	7,6 %	1,6 %	3,5 %	2,2 %	4,2 %	5,8 %	4,8 %
Miljø								
Miljø - Fornøyd m/ lokalmiljøet. Ungdata - Litt eller svært fornøyd, andel (prosent, standardisert)								
Miljø, skader og ulykker - God drikkevannsforsyning								
Kvalitet								
Gjennomsnittlig listelengde	497,0	500,0	453,0	406,0	817,0	942,0	716,0	582,0
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	8,6	12,0	11,2	9,5	8,9	7,9	6,2	6,4
Helsetilstand								
Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år	32,0	36,0	31,0	22,0	37,0	32,0	35,0	

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kommunalsjef Helse og Omsorg

Helse- og omsorgsjefen omfattar etatsleiing og rådgjevar HO-etaten.

Nokre utviklingsprosjekt er og rekneskapsført på dette området.

Overordna mål

Kommunalsjef for helse- og omsorg har det overordna ansvaret for etaten: Økonomi, personal, informasjon og utvikling.

Kommunalsjefen deltek m.a i kommunedirektøren si leiargruppe og kommunen si kriseleiing. Kommunalsjefen

Årsmelding 2023

Kommunalsjefen møter fast i helse- og omsorgsleiarforum i Valdres. Kommunalsjefen er regionen sin representant i Helsefelleskap Innlandet og Lokalt administrativt samarbeidsutval psykiatri i Sjukehuset Innlandet.

Viktige hendingar

Kommunalsjef helse- og omsorg har det overordna ansvaret for etaten, og direkte leiaransvar for

- Leiar Vang legekantor
- Leiar tilrettelagde tenester
- Leiar helseavdelinga
- Verksemdsleiar Vangsheimen og heimetenestane
- Rådgjevar HO etaten
- Folkehelsekoordinator.

Gjennomfører møter med leiarane i etaten annankvar veke.

Deltek i enkelte tilsetjingssaker og oppfølging av personal.

Deltek i prosjekt- og utviklingsarbeid i etaten.

Beredskap: Aktiv støttespelar for Beredskapskoordinator i arbeidet med Skutshorn, deltek i kommunal kriseleing. Stedfortreder for kommunedirektør og som leiar i kriseleinga.

Interkommunal samhandling:

- Deltek i HO - forum Valdres, møte 1 gg/månad. Leiaransvar for forumet haust 2023
 - HO forum er styringsgruppe for fleire prosjekt, td: Oppvekstløftet, TIBIR, FACT.
- Leiar for helseregion Valdres, representerer regionen i regionleiar møter 1 gg/md, SSU 4 gg/år, Dialogmøte 1 gg/år.
 - 2023: Evaluering og rullering av samhandlingsavtale med Sykehuset Innlandet. Valdres hadde spesielt ansvar for avtalen og rutine for følg av kjent personell.
- Styremedlem VLMS-E
- Faste møter Vang og Vestre-Slidre barnevernteneste, kommunepsykolog Øvre Valdres

Rådgjevar HO

Følgjer opp / har ansvar for mange små og store oppgåver i etaten, ma:

- Leiar for prosjekt Leva heile livet i Vang med delprosjekt og tiltak
- Medlem og sekretær i prosjekt bustadutvikling (tverretatleg prosjekt)
- Deltek i regional kompetansegruppe helse- og omsorgspersonell
- Sakshandsamar for saker etter ny Lov om kommunens ansvar på det bustadsosiale feltet
- Arbeidsgruppe Førebyggande plan
- Folkehelseteamet
- Ansvar for KOSTRA-rapportering, prosjekt og søknadsarbeid

Årsmelding 2023

Status økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	2 200	2 178	2 259	80	3,6 %

Helseavdeling

Helseavdelinga består av følgende tenestemåda: Helsestasjon- skulehelseteneste, frisklivssentral, psykisk helseteneste, fysioterapi, ergoterapi og sjukepleiar på asylmottak.

Det er 10 faste tilsette, totalt 8,8 årsverk.

Overordna mål

Allmenn, individretta førebyggjande og kurativ verksemd etter helse- og omsorgstjenesteloven: fysioterapi, habilitering/rehabilitering, helsestasjon, skulehelseteneste og psykisk helseteneste

Helsestasjon og skulehelseteneste:

- skal ivareta den fysiske og psykiske helsa for barn og unge i alder frå 0 til 20 år.
- gje helsefremjande og førebyggjande tilbod.
- helseundersøkingar, rettleiing og støtte til foreldre.
- oppnå 100% vaksinasjonsdekking.

Ergoterapitenesta:

- medverke til at eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i kvardags- og samfunnsliv slik dei ynskjer
 - ved råd, rettleiing, bustadtilpassingar og tilpassing av hjelpemidler.
 - trening og rehabilitering heime og i institusjon

Fysioterapitenesta:

- førebygging, trening og rehabilitering

Psykisk helseteneste:

- medverke til heilskapleg behandlingsskjede for personar med psykiske utfordringar og sjukdomar
- nært samarbeid med sjukehusa, og eventuelt andre kommunar.
- fremje brukarmedverknad.
- fremje og auke livskvalitet og evna til å meistre eige liv på tross av utfordringar

Frisklivssentralen:

Årsmelding 2023

- Frisklivssentralen er ein kommunal helse- og omsorgsteneste med tilbod om hjelp til å endre levevanar.
- Brukarar av frisklivssentralen får individuell oppfølging med frisklivsresept over tre månader. Resepten inneheld rettleiing, motivasjonssamtale og kartlegging av behov, primært innanfor områda fysisk aktivitet, kosthald og tobakk.
- grupperetta og individretta tiltak

Sjuepleiar på mottak:

- tuberkulose-kontroller,
- helsekartlegging av asylsøkarar,
- hjelpe asylsøklarar med helserelaterte spørsmål
- hjelpe dei å komme i kontakt med helsevesenet.
- gje informasjon om helse, helsetenester i Norge, om vaksiner osv.

Viktige hendingar

Helseavdeling

2023 var utfordrande år på grunn av sjukmeldingar og overgangar med nye tilsette. Da einingane i avdelinga er små, kan allereie eit fråvær gjere det vanskelig å oppretthalde tenester på optimalt nivå. Det har difor vore prioriteringar på oppgåver, samt noko lengre vente- og behandlingstid på ergo- og fysioterapi, helsestasjon og psykisk helseteneste. Det har kome eit intern avvik og muntlege tilbakemeldingar knytt til dette, alle gjaldt fysioterapitenesta. Dei er tatt til følgje og utbetringar er blitt iverksett.

- Compilo blir nytta som system for internkontroll.
- Medarbeidarsamtalar er gjennomført.
- Sjukefråværet har vore på 5,8 % samla i 2023.

Hovudendringar i 2023:

- Tre nytilsette
- Ei nyoppretta stilling i 80% på helsestasjon (50% reell auke)
- Meir definert ressurs til leiar i helseavdelinga - auka frå 10 til 40%
- Auka 20% driftstilskott for fysioterapeut

Alle tenester er lokalisert i Vangstunet.

Helsestasjon og skulehelsetenesta

Stillingsprosent på helsestasjon og skulehelsetenesta har vore uendra på 1,5 årsverk over lang tid. Frå og med 2020 har kommunen hatt tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet opptil 50% stilling i tillegg til dei to faste stillingar. Tilskotsmidlar har vore der sidan, men store delar av dei har vore knytt til prosjektet Ung i Vang og i skulehelsetenesten. Samstundes har helsestasjon mista ressursar til leinga av helseavdeling etter endringane i leiarstrukturen i helse- og omsorgsetaten i 2021.

Med ein ny stillingsressurs som kom i 2023, og som ble besett fra medio mai same året, fekk tenesten totalt tre tilsette og er no betre sikra ved sjukefråvær og ferieavvikling. Dette har og gjeve tenesten

Årsmelding 2023

moglegheit å driva med utviklingsarbeid og oppgraderingar. Mykje av rutinar er no nedskrivne, arkivering av gamle papirjournalar er gjort og ein har hatt betre tid til foreldrerådgeving til flyktningfamiliar, samt kartlegging av vaksinstatus hjå flyktningborna.

- Det ble fødd 15 barn i Vang i 2023. Alle borna har fått helsestasjontilbod og helsekontrollar jf. Helsedirektoratet sin veileder og retningslinjer.
- Legeressurs på helsestasjon ca. 10 %.
- Fysioterapeut fast på 4 mnd konsultasjonar og ved behov ellers.
- Barseltreff annankvar måndag. Denne er no lokalisert i Drengestøga etter ynskje frå brukarar. Treffet er hovudsaklig brukarstyrt med innslag frå helsestasjon. Helsestasjon leier og bassenget ved VBU for barseltreffet slik at dei kan gjennomføre babysymjng.
- Det er over 25 elever på mellom- og ungdomstrinnet som går fast til samtale hjå skulehelsesjukepleiar. I tillegg er arbeidsoppgåvene dei pålagte årskontrollar, vaksining, undervisning og «drop in» samtaler.
- Skulehelsesjukepleiaren har og fungert som ferievikar for sjukepleiar på mottak, delteke/leia Ung i Vang prosjektet og hatt "Smaksverstad" samen med frisklivsrettleiar.
- Skulehelsesjukepleiar starta vidareutdanning innan psykososialt arbeid med barn og unge.
- Koordinatorarbeid: Det bur fleire barnefamiliar i kommunen som har eit eller fleire barn med spesielle behov /diagnosar som krev samhandling frå fleire tenesteytarar. Desse familiane kan søkje koordinator eller barnekoordinator - les meir under barnekoordinator. Helsestasjons- og skulehelsetenesten har fleire koordineringsoppgåver og deltek i ansvarsgruppemøter.
- Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem: CGM/helsestasjon

Frå mai 2023 til desember 2023 var ressursar delt :

- Helsestasjon 0-5 år 80%
- Skulehelsesjukepleiar 50% fast, 40% tilskotsmidlar, 10% lønnsmidlar frå sjukepleiar mottak
- Leiande helsesjukepleiar/leiar for helseavd. 100%

Ung i Vang

Prosjektet Ung i Vang starta i 2020 med finansiering av tilskotsmidlar får Helsedirektoratet som samla tilsvara ei 50% stilling. Målet har vore å ha fagpersonar meir tilgjengelige på ungdommen sine arenaer og auke kunnskap om fysisk og psykisk helse hjå ungdomar. Det har vore ulik oppdeling på midlane opp igjennom prosjektåra 2020-2023. Dette skuldast endringar på vilkåra til Helsedirektoratet og endringar i personalet på avdelinga. I 2023 har midla vore oppdelt i mellom helsesjukepleiar i 40% og frisklivsrettleiar i 10%. Psykiatrisk sjukepleiar fortsette å vera med i prosjektet, men dette er dekkja i ordinær stilling.

Ung i Vang har i 2023 har delteke på ungdomsklubben ein gong i månaden med aktivitetar og mat. I tillegg har helsesjukepleiar vore med på overnattingsturar både med ungdoms- og mellomtrinnet. Frå og med 2024 skal prosjektleinga få eigen koordinator via UK- etaten. Deltakinga for helsesjukepleiar, frisklivsrettleiar og psykisk helse inn i Ung i Vang arbeidet, er planlagt å fortsette uendra.

Barnekoordinator

Barnekoordinator er ei lovfesta plikt som vart gjeldande frå august 2022. Plikta er regulert i [helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a](#). Barnekoordinator er ikkje ei eiga stilling i Vang kommune, men ei rolle som blir tildelt. Koordinerande eining i kommune starta arbeidet å lage strukturar og system rundt dette på hausten 2023, og arbeidet er venta å vere klart innan 2024. Det leggest ut informasjon på kommunen si

Årsmelding 2023

heimeside fortløpande. Koordinerende eining har overordna ansvar for oppnemning og opplæring av koordinatarar og barnekoordinatorar.

Frisklivsentralen

- Det har vore 15 brukarar inne for samtaler, med trening og kosthaldsveiledning, eller andre utfordringar knytt til livsstilsendingar
- Til saman er det 16 deltakarar på frisklivstiltak på Ryfoss treningscenter, og rundt 13 personar er med på styrke og balansetrening på Vangsheimen kvar veke.
- Frisklivsrettlear har delteke i ungdomsklubb og Efdagsklubb hausten 2023 som del av Ung i Vang-prosjektet.
- I samarbeid med rådgjevar i helse- og omsorg har frisklivsrettlear vore aktiv med å planlegge møteplassar for dei eldre i Vang kommune, og gjennomført treningsopplegg på desse møta.
- Frisklivsrettlear samarbeidar med Frivilligsentral om opplegget "nærtur", der det vart gjennomført 2 nærturar hausten 2023.
- Deltaking i folkehelseforum Valdres, der alle frisklivsrettlearar i Valdres-kommunane samlast for erfaringsdeling og samarbeid.
- Frisklivsentralen har hausten 2023 gjennomført «Smaksverkstedet» ein dag/veka for 5.-7.-trinn. Dette saman med helsesjukepleiar på skulen.
- Hausten 2023 starta Frisklivsentralen planlegging til oppstart av Sterk og Stødig treningsgrupper, i samarbeid med kommune fysioterapeut.
- Økonomi: ved individuell oppfølging, treningskort eller kurs må deltakarar betala ein eigenandel på 300 kroner.
- Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem: Samtalar har vorte journalført i e-journalsystemet «Profil».

Ressurs: frisklivsrettlear i 40 % fast stilling og 10% tilknytt til prosjekt Ung i Vang (les meir ved helsestasjon), totalt da 50%.

Fysioterapiteneste og Vang fysikalske institutt

Kommunal fysioterapeut:

- Barnekontrollar på helsestasjon ved 4 mnd for alle born, andre born ved behov
- Behandling i pasienten sin heim
- Behandling på korttids- og langtidsavdelingane på Vangsheimen
- Poliklinisk behandling og etterrehabilitering på Vang Fysikalske institutt.
- Kommunefysioterapeut deltek i tverrfaglege møte med deltakarar frå korttidsavdeling og heimetenesta og ergoterapeut.
- Fysioterapeuten delar ansvar for tekniske hjelpemiddel, både korttidsutlån frå kommunen og langtidsutlån gjennom hjelpemiddelsentral, med ergoterapeuten.
- Planlegging av "Sterk og stødig" treningsgrupper, saman med frisklivsrettlear.
- I tillegg har fysioterapeut deltatt i tverrfaglege ansvarsgruppemøte og individuelle planarbeid. Fysioterapi- har hatt oppfølging av fleire barn i alder 0-5år.
- Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem: «Physica»
- Økonomi: det er kjøpt inn et nytt treningsapparat. Det er og kjøpt noko veiledningstenestar frå private i forbindelse med behandling av born

Driftavtalefysioterapeutar:

Årsmelding 2023

Fysioterapiressursar har siden 1980-talet vore uendra i 2,0 årsverk, sjøl om rehabilitering skal i stadig større grad skje der folk bur og institusjonsopphalda blir det færre av. Det vart difor søkt auke på 20% til driftstilskotsdel som har vore på 60%. Målet var og å gjere tilskottet meir attraktiv for søkjarar. Auke ble godkjent og i verksett frå juni 2023 med ei vikar som begynt i sama tidspunkt. Ein lykkast likevel ikkje å sjå resultat av auke i 2023 da det har vore sjukmeldingar, opplæring, ferieavviklinga og anna fråvær i dei fyrste seks månader. Vikaren, tilsett frå juni 2023, valde å slutte etter eit halvt års tid, og vikariatet ble lyst igjen i årsskiftet 2023-2024.

- Poliklinisk behandling og behandling i heimen
- Psykomotorisk fysioterapeut gir både individuell behandling og har gruppe ein gang/veka.

Ressursar totalt i fysioterapiteneste

- 100% kommune fysioterapeut
- 80% driftstilskott, vikariat pga langvarig sjukmelding. Auke på 20% fra 2023.
- 40% driftstilskot, psyko-motorisk fysioterapi

Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste har stabil tilstrøyming av nye brukarar. Mange kjem fortsatt inn via henvisning frå fastlegen, men folk oppsøker og tenesta sjølve i større grad enn tidligare. Det er og ei større gruppa asylsøklarar og flyktingar som har behov for samtalar og vurderingar. Psykisk helseteneste skal medverke til heilskapleg behandlingsskjede for personar med psykiske og andre sjukdomar, og det er nært samarbeid med sjukehusa og andre aktørar.

- Ein ny tilsett
- Det har vore noko redusert bemanning i tenesta pga sjukefråvær.
- To av tilsette har gjennomført kognitiv terapi trinn I utdanning via Norsk kognitiv terapi foreining
- Deltaking i Ung i Vang og Innsatsteam, koordinerande eining og ansvar for psykososialt kriseteam
- Økonomi: Noko meir kostnader i forbindelse med frikjøp av ein tilsett (bindingstid og studieutgiftar). Også høge kostnader til tolketenestar.
- Brukarmedverknad via feedback system Norse feedback
- Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem: Samtalar har vorte journalført i e-journalsystemet «Profil»

Tenesta samarbeider tett med kommunepsykologen, som har 33,3% stilling i Vang. Ho jobbar klinisk med barn- og ungdom, men bidrar med rettleiing, samt drøfting av tilvisingar saman med staben. På tampen av 2023 kom det ny nasjonal veileder for psykisk helsearbeid barn og unge som tenesten skal begynne å implementere frå 2024.

Ressurs: tenesta har 2.7 årsverk, fagleiar i 100% stilling og to 80% stillingar som psykiatrisk sjukepleiar.

Sjukepleiar på mottak

Etter krigen braut ut i Ukraina i februar 2022 har eit stort tal av ukrainarar søkt tilflukt i Norge. Desse har framleis mellombels kollektivt vern som gjev dei rask busetjing. Rask busetjing førde med seg auka aktivitet på mottaket, og frå november 2022 til desember 2023 har det kome 446 asylsøklarar medan tal på avreiser er 429. Svært mange er innom mottaket i ei veldig kort periode og alt av helserelevante kontrollar som skal gjerast, skal skje med korte fristar. Det har og til tider vore ei utfordring at

Årsmelding 2023

informasjonen frå transittmottak ikkje har følgd med asylsøkjjarar, og ein har måtte bruke mykje ressursar å få/finna svara.

- Sjukepleiaroppgåver på mottak inkludert arbeidet med smittevern (TBC)
- Helseopplysning og informasjon
- Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem: CGM/ Legejournal

Ressurs: det er 1,0 årsverk knytt til tenesta. 20% reduksjon fra august 2023 pga AFP- ordning.

Ergoterapi

Ergoterapeuten var sjukmeldt store delar av 2023, med ei gradvis opptrapping til normal stilling (80%) innan utgangen av september. Det var ikkje vikar i perioden. Det vart freista å løyse oppgåver av enklare og meir konkret art, større og komplekse saker måtte delvis vente. Av konkrete oppgåver som vart prioritert var:

- Enklare hjelpemiddelformidling, både innbyggjarar og busette i mottak
- Arbeid med bustadretteiingsgruppe
- Arbeid med koordinerande eining
- Arbeid med forebyggjande heimebesøk
- Samarbeid med habiliteringstenesta i einskildsaker
- Ansvars- og samarbeidsmøter
- Kvardagsrehabilitering
- Hjelpemiddelmesser
- Undervisning og rettleiing innan ergonomi
- Kontaktpersonmøter med Hjelpemiddelsentralen på Gjøvik
- Tilrettelegging av bil og bustad
- Elektronisk dokumentasjon/e-journalsystem: Profil

Av omsyn til teieplikta blir det for 2023 ikkje publisert tal for antal kontakter med brukarar, heimebesøk m.v.

Vang kommune har 184 innbyggjarar som har aktive utlån hjå NAV Hjelpemiddelsentral. I 2023 var det 396 hjelpemidler utlevert til ein samla verdi av omlag kr 2.288 000 (inkl. deler) Det vart levert tilbake 250 hjelpemidler. Ein betydeleg andel av hjelpemidlene er formidla av ergoterapeuten.

Ressurs: 100% fast stilling med 20% reduksjon pga ulønna permisjon.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	9 583	12 166	12 197	31	0,3 %

Vang legekantor

Vang legekantor har ulike funksjonar; Det er eit fastlege kontor, som har legevaktsansvar på dagtid. Legane deltek i interkommunal legevakt lokalisert på Fagernes på kveld, natt og helg. Legane har kommunale oppgåver som sjukeheimslege, helsestasjonslege og kommuneoverlege.

Årsmelding 2023

Overordna mål

Vang legekantor skal medverke til ei heilskapleg behandlingsskjede for pasientane, i nært samarbeid med sjukehusa, andre kommunale tenester og eventuelt andre kommunar. Tenesten vil fremje brukarmedverknad.

Utvalde resultat

Fastlegelister og kapasitet

- Det har vere fleire ubesette fastlegeheimlar i Valdres over tid, samt noe redusert tilgang på nye fastlegar. Dette har medført auka pågang frå innbyggjarane i andre kommunar for å få fastlege i Vang. I tillegg har kommunen busett ein del flyktningar siste år. Dette har medført at kapasiteten på fastlege i Vang har gått ned. Per d.d. (mars -24) er det kun 29 ledige plassar, fordelt på 2 fastlegelister. I tillegg er det 21 på venteliste.
- Legeforeningen tilrår at størrelsen på pasientlista er omlag 150-200 pasienter per kurative dag (tid avsatt til pasientretta arbeid), som følgje av dagens arbeidsbelastning som fastlege, og listelengde hos fastlegene i Vang er i samsvar med denne anbefalinga.
- Bebuarar på asylmottaket i kommunen kjem i tillegg til listepasientar. Det har vere ekstra krevande siste år på bakgrunn av stor utskifting av beboarar på mottaket pga rask busetting, samtidig med stort behov for legeteneste og oppfølging.
- Legekantoret fungerer som legevakt i tidsrommet 8-15. I dette tidsrommet ivaretek legekantoret også augeblikkeleg hjelp hjå deltidsinnbyggjarar, turistar og andre som oppheld seg i kommunen.
- Den auka belastninga på legetenester i kommunen har ført til økt ventetid for legetime.

Interkommunal legevakt

- Legevakt er ikkje medrekna i kommunal arbeidstid.
- Vang har for tida 3 av 3 leger i vaktdyktig alder (under 60 år), som med det deltek i interkommunal legevaksordning.
- Oppsett legevaktsturnus tilsvare ein stillingsprosent på omtrent 45%.
- Legevakt fører til fråvær på grunn av fri etter nattevakt, og tidleg avreise til vakt som byrjar på Fagernes kl 15.00. Dette gjer også utfordringar med ferieavvikling, da legevakta kun bistår med vikar/ferieavvikling i 3 veker på sommaren.
- Vang kommune har fastlegar tilsett i 2.6 årsverk. Totalt inkludert legevakt tilsvare arbeidet legane i Vang utfører ca 3.95 årsverk (sjå eigen tabell)

Asylmottak

- Det har siste tida vore rundt 140 bebuarar på mottaket. Asylsøkjjarar er ikkje tilknytt fastlegeordninga og kjem i tillegg til listepasientar
- Konsultasjonar med pasientar frå mottaket er ekstra ressurskrevjande av fleire grunnar
 - Bruk av tolk (krev meir tid)
 - Kartlegging av tidlegare sjukdommar, medisiner osv. er krevjande, både pga språk, ulik kultur for medisinbruk, samt andre medikament i heimlandet enn i Norge
 - Høg utskifting grunna rask busetting, og med det stadig nye pasientar og problemstillingar

Resultat 2023

Årsmelding 2023

- Me har hatt et auka antal konsultasjonar i 2023, samanlikna med 2022. Fordelt på elektronisk konsultasjon og oppmøtetimar har me i år hatt ca 3900 konsultasjonar, ei auke på ca 400 samanlikna med 2022.
- Omsetninga i 2023 har auka med 11% fra 2022
- Me har hatt nesten 30% fleire konsultasjonar med bruk av telefontolk.

Plan for arbeidsbelastning/tidsbruk legar 2023 (pga uforutsette hendingar må ofte oppsett plan tilpassas behov)

Funksjon	Lege 1	Lege 2	Lege 3	Totalt	Årsverk
Pasientkonsultasjonar, inkl faste møter* og administrasjonstid	18.75 t/uke	26,25 t/uke	22,5 t/uke	67,5 t/uke	1.8
Vangsheimen		3.75 t/uke	3.75 t/uke	7.5 t/uke	0.2
Helsestasjon	3.75 t/uke			3.75 t/uke	0.1
Smittevern			7.5 t/uke	7.5 t/uke	0.2
Miljøretta helsevern/ kommuneoverlege	7,5t/uke			3.75 t/uke	0.1
Leiar	3.75 t/uke			3.75 t/uke	0.1
SUM utan legevakt	33.75 t/uke	30 t/uke	33.75		2.6
Legevakt	16.875t/uke	16.875t/uke	16.875t/uke		1.35
Sum					3.95

* Faste møter: møte med heimesjukepleie, psykisk helse og sjukepleiar mottak.

Viktige hendingar

Bemanning medarbeidarar

- Legekontoret har ansatt ny medarbeider i 2023. Stillinga blei øka frå 50 til 60%.
- Vi har nå 2,2 årsverk fordelt på tre personar (100%, 60% og 60%).
- Det er jobba for at det er to medarbeidarar på legekontoret kvar dag for å betene telefon/resepsjon, samt laboratoriet og skadestove.
- Medarbeidarane disponerer elles dagen sin på ein god og sjølvstendig måte, og det har ikkje vore behov for bruk av vikar.
- Det jobbast med å utarbeide prosedyrar og planar slik at medarbeiderane bistå meir i pasientretta oppfølging.

Bemanning legar

Det har vere noko endringar på legesida i 2023, etter at ein lege slutta i tilknytning til foreldrepermisjon. Legen som var vikar under permisjonen fikk fast ansettelse.

Arbeidsoppgåver som har vore omfordelt i denne forbindelse:

Årsmelding 2023

- Kommunen har fått ny kommuneoverlege og leiar på legekantoret.
- Det er inngått samarbeid med Miljørettet Helsevern Hallingdal og Valdres .
- Kommuneoverlegeoppgåva smittevern er tildelt nyansatt lege.

For 2023 viser statistikken at totalt antal konsultasjonar har auka fra foregående år. Det er auke i antal konsultasjonar med fysisk oppmøte, men også konsultasjonar og kontaktar via HelseNorge.

Annet fra 2023

- Det ble søkt om investeringer fra investeringsbudsjettet da det var behov for nytt utstyr
 - Intraossøs drill til akuttberedskap er på plass
 - Ultralydapparat til å ha på kontoret som nå er i bruk.
- Me har også fått nytt utrykningstøy, som sikrar at me er godt rusta for uver og kulde når me må bistå i akutte situasjonar.
- Me har fått klarsignal til å ansette Lis1-lege (2024), men det har så langt ikkje vert behov for fleire kommuneplassar, og med har derfor ikkje fått det enda.

Planer og ønsker for 2024

- Ønskje om å ansette Lis1-lege for å bedre kapasitet på legekantoret, redusere arbeidsbelastning på faste leger, samt bidra til kompetanseheving.
- Mål om å gi god og forsvarlig helsehjelp, og bidra til godt samarbeid tverrfaglig i kommunen, med andre kommuner og spesialisthelsetjenesten.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 541	5 727	5 159	-568	-11,0 %

NAV og barnevern

Barnevern

Felles barnevernteneste for Vang og Vestre Slidre jobbar etter lov om barneverntenester. Hovudoppgåva er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Tiltak i planperioden 2021-2024:

1. Fullføre kompetanseheving- 3 tilsette som er under utdanning
2. Bygge kompetanse på fosterheim lokalt for å imøtekoma barnevernreformen
3. Styrking med 1 årsverk for å fylje opp nye oppgåver jf. reformen

NAV Valdres

Sosialt førebyggjande arbeid.

Sjå eige årsmelding frå vertskommunen

Årsmelding 2023

Viktige hendingar

Barnevern (Felles Vestre Slidre – Vang)

Hendingar og aktivitetar

- Vi har ei kvalitativt god teneste, men med 5,3 fag stillingar og 0,4 stilling merkantil, tilseier størrelsen at tenesta blir svært sårbar ved for eksempel sjukdom. I tillegg er det eit engasjement på 0,4 fag stilling. Denne ekstra ressursen kom inn som eit ledd i å avslutte innleigde private konsulentar. For å ruste tenesta til å imøtekome nye krav jf oppvekstreforma, vart det i desember 21 vedteke å gje ei styrking på 0,9 fag stilling.
- Barnevern er definert som ein samfunnskritisk teneste og det er viktig at tenesta opprettheld tilnærma normal drift til trass i pandemi. Det har vore viktig for oss at det er bemanning på kontoret kvar dag med tanke på tilgjengeleg heit. Informasjon til samarbeidspartar om tilgjengeleg heit og kontakt informasjon er sendt ut. Digitale løysningar har vore nyttige verktøy for å kunne oppretthalde møteverksemd både internt, og med samarbeidspartnarar og klientar. Hausten 2021 oppretta tenesta ein vakttelefon, der vi skal vera tilgjengeleg for henvendingar i kjernetida (kl 09 -15).
- I 2020 starta vi eit prosjekt innanfor læringsnettverk. Målet med prosjektet er at barna som barneverntenesta er i kontakt med skal oppleve å ha ein auka brukarmedverknad. Prosjektet går på tvers av kommunar, og vi er i eit samarbeid med interkommunal barnevernteneste i Valdres og barneverntenesta i Stor-Elvdal. Prosjektet vart avslutta hausten 2021.
- Det har i 2021 vore tre under vidareutdanning på deltid ved kontoret. To fullførte si spesialisering i sped- og småbarns psykiske helse, og ein har starta på studiet «barnevernfaglege vurderingar». Dette er ei vidareutdanning som imøtekjem kravet til kompetanse som kjem i ny barnevernlov frå 2023.
- Pr. 31.12.21 var det 20 barn med frivillige hjelpetiltak (14 i Vestre Slidre og 16 i Vang). 5 barn under omsorg (5 i Vestre Slidre og 0 i Vang). Det var tilsaman gjennomført og avslutta 27 undersøkingar for begge kommunane (16 i Vestre Slidre og 11 i Vang).
- Antal bekymringsmeldingar 2021: 33 (16 for Vestre Slidre og 17 i Vang). Når det gjeld bekymringsmeldingar har det vore endringar i måten dei skal registrerast i fagsystemet, dette kan gje utslag i statistikken.
- Det var pr. 31.12.21 2 barn plassert frå andre kommunar som er under 18 år (1 i Vestre Slidre og 1 i Vang). Dette er barn som kommunen har tilsynsansvar for. Tilsynsansvaret er delegert til Felles barnevernteneste i begge kommunane.
- Barnevernstenesta har eit utstrakt og godt samarbeid med andre faginstansar i kommunane og andre.
- Valdres er knytta til barnevernvakta på Ringerike. I desember 2021 vart denne avtala sagt opp regionen jobbar med ny løysing gjeldande frå 2023.
- I frå 01.01.22 trådte oppvekstreforma i kraft. Kommunane fekk då det heile og fulle ansvar for fosterheimane, både økonomisk og oppfølging. To av våre tilsette er meldt opp til kursing i Trygg base metoden oppstart februar 2022, dette er eit viktig kurs for kompetanseheving innan fosterheimsarbeidet.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 199	9 004	6 510	-2 494	-38,3 %

Årsmelding 2023

Vangsheimen og heimetenesta

Vangsheimen har 16 langtids plassar, 10 korttids plassar og ein tryggleiksplass. Heimetenestane tilbyr m.a heimesjukepleie (dag, kveld og natt), praktisk bistand/heimehjelp, tryggleiksteknologi, middagsombringning, dagtilbod. I tillegg omfattar verksemda dagsenter, kjøken / kantine, reinhald og vaskeri.

Årsverk Vangsheimen og heimebaserte tenester:

Avdeling	Stillinger	Årsverk
Leiing Vangsheimen og heimetenesta	5	2,3
Merkantil	2	1,5
Vangsheimen langtid	42	21,17
Kortid, heimesjukepleie og heimehjelp	35	19,29
Dagsenter VAS og Solgløtt	5	1,86
Kjøken, reinhald og vaskeri	11	6,81

Overordna mål

Målsetjingar 2023

- Utvikle gode og berekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi og nye faglege metodar.
- Naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
- God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale.
- Gode arbeidsfellesskap med kontinuerleg fokus på psykososialt arbeidsmiljø

Viktige hendingar

Langtidsavdelinga

I 2023 har det vore fullt belegg på sjukeheimen, det er 22 personar som har hatt langtidsopphald i perioden.

Årsmelding 2023

Pleietyngde på langtidsavdelinga har auka dei siste åra. «Leve heile livet» på sjukeheim krev ein meir pasient sentrert omsorg. Det krevst omdisponering av ressursar og auka / endra kompetanse.

På grunn av korona og andre luftvegsinfeksjonar i 2023, har det vore utfordringar med mange tilsette som har vore sjuke med luftvegsinfeksjonar samtidig. Det har i periodar ført til høgt korttidsfråvær og bruk av overtid. Likevel er samla fråvær på langtidsavdelinga 7,8 % i 2023.

Korttidsavdelinga

Det har vore 109 korttidsopphald i 2023, dette er en oppgang frå 102 opphald i 2022.

Avlastingsopphald held seg relativt stabilt, det er fleire heimebuande som har faste, rullerande avlastingsopphald/ rehabiliteringsopphald.

Det er god kapasitet på korttids plassar, samt at styrking av heimetenesta gjer at fleire får eit meir omfattande tilbod heime. På korttidsavdelinga er det store variasjonar i pasientbelegg, og det varierer raskt.

Avdelinga har tett samarbeid med heimetenesta, då det er same personalgruppe. Det er felles tverrfaglege møte annankvar onsdag der ein arbeider systematisk med oppfølging og iverksetjing av tiltak for at eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg og aktiv alderdom.

Heimetenesta:

Ved utgangen av året var det 129 brukarar i heimetenesta.

85 fekk heimesjukepleie. Omfanget av hjelpa varierer frå korte tilsynsbesøk til hjelp fleire timar fleire gonger dagleg.

Ved årskiftet var det 38 personar som fekk tilkøyrte varm middag. 48 brukarar har tryggleiksalarm.

Det tverrfaglege samarbeidet held fram med faste møte annankvar onsdag. Målet er å arbeide systematisk for samordning av trenings- og pleieplanar for kvar tenestemottakar, og å styrke det faglege arbeidet for å sikre tenestetilbodet til kvar einskild brukar. Dette har gjeve betra sikring av oppfølging og rehabilitering. Pasientane kjem fortare heim, slik at rehabiliteringsavdelinga kan ta imot pasientar frå sjukehus/-heim.

I 2022 starta DHO- prosjekt (digital hjemmeoppfølging) i Valdres. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom alle Valdres kommunane, kommunene i Nord- Gudbrandsdalen og Sør- Østerdal og skal gjennomførast i perioden 2022-2024. Prosjektet driftast med tilskottsmiddel frå Helsedirektoratet. Her skal ulike typar velferdsteknologi testast ut og implementerast for å skape meir bærekraftige helstenester. Fyrst ut er såroppfølging ved bruk av hodekamera, der brukarar med sår kan få oppfølging av sårpoliklinikk på Gjøvik/ Lillehammer via hodekamara som heimetenesten administrerer.

Også på korttidsavdelinga og i heimetenesta har det på grunn av korona og andre luftvegsinfeksjonar i 2023, i periodar vore utfordringar med mange tilsette som har vorte sjuke med luftvegsinfeksjonar samtidig. Det har i periodar ført til høgt korttidsfråvær og bruk av overtid. Totalfråværet på korttid og i heimetenesten har vore stabilt med 8,6 % i 2023, samanlikna med 8,5 % i 2022.

Dagsenteret

Årsmelding 2023

Dagsenter Vangsheimen:

I 2023 har det vore 31 brukarar på dagsenteret fordelt på to dagar, dette er en oppgang frå 24 brukarar i 2022. Aktivitet og sosialt samvær er i fokus.

Dagsenter Solgløtt:

Dagaktivitetstilbod for heimebuande med demens. Tilbodet har hatt 12 brukarar i 2023 fordelt på to dagar.

Aktivitetar er tilrettelagt for dei som deltek. Dei lagar lunsj og middag i fellesskap og får eit triveleg måltid saman. Personalet avlastar heimetenesta og har eit tett samarbeid. Frivilligsentralen: Frivillige serverer middag på Storploggen på syndagar, dei har sosialt samvær, song og høgtlesing.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	43 034	50 971	42 465	-8 507	-20,0 %

Tilrettelagte tenester

Dei ulike tenestene som Tilrettelagte tenester har ansvaret for er heimla i Helse- og omsorgstjenesteloven Kap. 3.

- BPA – brukarstyrt personleg assistanse
- Miljøarbeid – praktisk bistand i heim, arbeid og aktivitetar
- Rettleiing til pårørande med særskild tyngande omsorgsoppgåver
- Støttekontakt – bistand for å delta i vanlege sosiale settingar og aktivitetar
- Omsorgsstønad – ved særleg stor belastning i heimen og behov for bistand frå den/dei næraste
- Avlasting – til familiar med tyngande omsorgsoppgåver
- Parkeringsbevis – for forflyttingshemma
- Ledsagerbevis – for personar som treng bistand i aktivitet.
- Koordinering av tenester
- IP - Individuell Plan

Leiar for Tilrettelagte tenester har òg overordna ansvar for Base Nord - Grindatun, Base Sør - Bakkehaugen og Lund arbeidssenter, som har egne avdelingsleiarar.

Det er til saman 8 kommunale bueiningar ved dei to basane (der 7 er busett), som leigast ut til personar som ynskjer å bu sjølvstendig, men som treng praktisk bistand og opplæring.

Lund arbeidsbase er ein underavdeling av Valdres arbeidssenter som er godkjent av NAV som tiltaksarrangør av det arbeidsretta tiltaket Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA).

Årsmelding 2023

Lund arbeidsbase har 5 VTA plassar, dei har anledning til å ta i mot for anna språk/arbeidstrening, og Lund har òg fleire plassar for dagtilbod som er organisert av Tilrettelagte tenester.

Overordna mål

Tilrettelagte tenester skal:

- Ivareta stabilitet og tryggleik i tenesteytinga.
- Vidareføre eit godt samarbeid med fleire instansar, mellom anna andre kommunale helsetenester, deriblant fysioterapi, psykiske helseteneste, samt barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, PPT, BUP, Habiliteringstenesten v/Sjukehus Innlandet, NAV og Statsforvaltar.
- Fortsatt deltaking i det interkommunale samarbeidet Fagleg nettverk for målretta miljøarbeid i Valdres, der ein blant anna arbeider med felles kurs og kompetanseheving innanfor tenestområdet i Valdres.
- Gje forsvarlege tenester, og ein tilrettelagt og trygg livssituasjon for tenestemottakarar.
- God kvalitet på tenestene og brukarmedverknad
- Nytte velferdsteknologi og vidare arbeide med kvalitetssikring av dokumentasjonssystem og tverretatlege samarbeid.
- Rekruttering av personale
- Rett fagkompetanse for framtida.

Spesielt for Lund Arbeidsbase:

- Gje eit tilrettelagt arbeids- og aktivitetstilbod til personar med nedsett eller endra funksjonsnivå.
- Fokus på gode aktivitetar, arbeid og fornuftig, berekraftig produksjon innan dei aktuelle områda.

Viktige hendingar

Tilrettelagde tenestester i tal 2023:

- 43 personar hadde tenester som støttekontakt, omsorgsstønad, BPA, personlege assistentar, avlastning, aktivitetkontakt, og dagleg tilrettelegging i heimen. Desse tenestene ligg direkte under leiar for Tilrettelagde tenester. Og fleire av desse personane har fleire ulike tiltak.
- 7 nye tenesteoppdrag vart innvilga , og 2 tenesteoppdrag vart avslutta.
- Til saman 13 personar fekk tenester frå tilsette i turnus ved base Sør og Nord.
- I 2023 vert det òg inngått avtale om kjøp av ekstern/privat teneste. Avtala er planlagt avslutta i løpet av 2024.
- Det vart òg oppretta 2 nye kjøp av tenester organisert som BPA.

Ein opplever auka etterspurnad om tenester, dette gjeld både omsorgsstønad, støttekontakt og tiltak i heim.

- 26,41 årsverk knytt til tenestane som blir administrert frå basane, fordelt på fire turnusområde. Dette er ei auke på 2,25 årsverk. Auka er i som følgje av fleire nye tiltak som t.d avlastning, som ein flytter frå ansvar 330 som er Tilrettelagde tenester til ansvar 332 Grindatun. Årsverka var ved utgangen av 2023 fordelt på 44 stillingar turnus. Årsverka i turnus er til ei kvar tid knytt til enkeltvedtak på tenester. Den nye stillinga ved Lund visar seg har vore svært naudsynt, og ein er godt i gang med planlagte tiltak og desse fungerer godt i praksis.

Årsmelding 2023

Aktivitetar og gjennomførte planlagte tiltak i 2023.

2023 har som tidlegare år vore prega av sjukefråvær og mangel på vikarar. Dette har det vore arbeida med å finne løysingar på. Søknadsmassen er svært liten i heile helse- og omsorgstenesten. Det er framleis stort fokus på førebygging av sjukefråvær og sjukefråværsoppfølging, samt å sjå nærare på andre løysingar for turnus og arbeidstid.

Ein har ei noko auke fleksibilitet i nytte av tilsette på dei ulike basane. Dette òg fordi ein har hatt store utfordringar med fråvær.

Det er 5 tilsette på basane som tek fagskule innan Målretta miljøarbeid i tenester til personar med utviklingshemming, 1 tek fagbrev som helsefagarbeidar og 1 tek vidareutdanning innan helseleing.

Aktivitetar og gjennomførte planlagte tiltak i 2023 ved Grindatun og Bakkehaugen.

- Ein har avdelingsleiar for kvar av bustadane i miljøtenesta. Både avdelingsleiarane arbeidar turnus med helg.
- Ved turnus-endringar jobbar ein for heltidskultur.
- Dokumentasjonssystemet OMHU <https://omhuapp.no/> er i god drift. Vart evaluert i fyste halvår, og funne som ei god løysing for kvalitetssikring, og dette er eit system som skal utvidast til fleire tenestemottakarar.

Ei av leiligheitene ved Grindatun er tilpassa som avlasting og tryggleiksplass/døgnopphald. Leiligheita ligg sentralt. Butikk, bibliotek og andre tilbod er lett tilgjengeleg. Leiligheita har òg i periodar vore nytta til hybel-trening for dei som treng å trene på å bu sjølvstendig før ein skal flytte heimanfrå, og som avlastingstilbod for born.

Grindatun har òg i 2023 fått fleire tiltak som ein måtte dekke inn med personal.

Aktivitetar og gjennomførte planlagte tiltak i 2023 ved Lund Arbeids-base

- Her er tilbodet aktivitet, rettleiing, observasjon og kartlegging av behov.
- Lund Arbeids-base har fortsett med fokus på gode aktivitetar og fornuftig, berekraftig produksjon innan dei aktuelle områda og for alle.
- Det vart våren i 2023 sett igang eit tiltak som kravde auka bemanning til tider, dette kom i tillegg til budsjettert bemanning og var ikkje planlagd.
- Lund avslutta delvis prøveprosjektet samarbeid med Grøne Lund, men leiger framleis ut gartneriet til dei. Lund forsett med "Jobb-frukt", ved-produksjon, catering, garteri og blomeutsal.
- Det vart òg produsert små-varer for sal, mykje flott i trevirke både til nytte og pynt.
- Avtala av blomster-sal og planting med kyrkjeleg fellesråd i Nord-Aurdal vart avslutta hausten 2023.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	20 676	25 125	23 220	-1 905	-8,2 %

Årsmelding 2023

9. Landbruk og Teknisk

Etaten sine hovudoppgåver

- Forvaltning
 - Arealplan
 - Vilt, skog og landbruk
 - Byggjesaksbehandling
 - Matrikkel
 - Oppmåling
 - Tilsyn
 - Natur og miljø
- Drift bygg og veg
- Drift vatn og avløp
- Beredskap
- Valdres GIS

Overordna mål

- Legge til rette for næringsutvikling
- Utvikle gode bumiljø
- Utvikle gode tenestetilbod
- Medverke til at kommuneplanen sine målsetjingar blir oppfylte
- Utføre lovpålagte oppgåver innanfor dei tidsfristar og det skjønne styringssignala heimlar
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar og aktuelle tilleggsnæringar i Vang
- Ivareta og vidareutvikla etaten sine medarbeidarar gjennom oppfølging, kursing og vidareutdanning

Viktige hendingar

Etaten har vore prega av høg aktivitet gjennom året. Vi har fått fleire nytilsette som krev opplæring og innføring i det arbeidsoppgåvene som skal utførast.

- Gjennomført prosess omorganisering av reinhald i kommunen. Det blir oppretta ei eiga avdeling for reinhald som ligg under etat landbruk teknisk.
- Gjennomført fleire rekrutteringsprossar
 - Tilsett Beredskapskoordinator i 2-årig prosjektstilling, oppstart januar 2023
 - Tilsett byggjesaksbehandlar i ledig stilling, oppstart april 2023
 - Tilsett rådgjevar natur og miljø i ledig stilling, oppstart mai 2023
 - Tilsett rådgjevar tilsyn, ny stilling, oppstart desember 2023
 - Tilsett prosjektleiar i ledig stilling, oppstart januar 2024
 - Tilsett reinhaldsleiar, ny stilling, oppstart mars 2024
- Konstituert arealplanleggjar som kommunalsjef landbruk teknisk frå november 2023

Nye kartsystem, både forvaltningsverktøy og webkart, har kravd tid til opplæring

Årsmelding 2023

Beløp i 1000

	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
40-Kommunalsjef Landbruk og Teknisk	2 931	3 146	3 198	52	1,6 %
41-Plan , kart og byggesak	2 502	3 963	4 974	1 010	20,3 %
43-Drift kommunale anlegg	11 747	15 251	14 233	-1 018	-7,2 %
44-Bustadfelt og tomter	-9	144	25	-119	-475,0 %
45-Vatn og Avløp	-6 492	-4 956	-6 558	-1 601	-24,4 %
47-Landbruk	5 834	3 098	2 714	-384	-14,1 %
49-Brann og feietenster	3 280	3 720	3 260	-460	-14,1 %
Sum	19 792	24 365	21 845	-2 520	-11,5 %

KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2022	Vang 2023	Etnedal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe 06
Prioritet								
Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	512	620	1 877	861	772	519	727	680
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på fyringsolje og -parafin, konsern	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,1 %	0,9 %
Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern	100,0 %	100,0 %	74,5 %	100,0 %	100,0 %	77,8 %	65,3 %	87,4 %
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,00	0,61	0,00	0,95	0,71	0,91	0,91	0,54
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	16,5	16,4	22,7	21,8	21,9	33,4	24,8	15,7
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner *)	878	1 680	245	463	0	2 440	2 252	1 886
Kommunal næringsvirksomhet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr) *)	0	0	0	0	0	9	0	45
Kommunal næringsvirksomhet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	-1	8	0	-229	-382	5	-33	-202
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)	464	226	79	129	87	136	86	147
Næringsforvaltning, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	-53 537	-43 100	867	-2 753	575	-2 563	-1 304	-10 148
Produktivitet								
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *)	170 762	211 217	115 063	200 120	160 816	242 966	233 147	143 013
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *)	6 484	6 604	6 350	8 360	11 533	7 365	3 605	4 853
Kvalitet								
Antall nye søknader per 1000 innbyggere	3,0	7,0		6,0	2,0	12,0	9,0	7,0
Antall søknader per 1000 innbyggere	3,0	7,0		7,0	2,0	21,0	11,0	9,0
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb	49	61	103	213	42	0	76	71
Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år)	31,0	29,0	29,0	27,0	35,0	27,0	31,0	
Renovasjon - Husholdningsavfall per innbygger (kommune)	444	517	518	517	518	518	517	0
Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune)	146	174	174	174	174	174	174	0

Årsmelding 2023

Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *)	568	559	596	596	596	596	510	645
Andre nøkkeltal								
Samlet energibruk i komm. skolelokaler, egne bygg, per m2, konsern	136	135	146	218	120	164	152	

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kommunalsjef Landbruk og Teknisk

Overordna mål

Kommunalsjef for landbruk teknisk har det overordna ansvaret for etaten: Økonomi, personal, informasjon og utvikling.

Kommunalsjefen deltek m.a i kommunedirektøren si leiargruppe og kommunen si kriseleiing.

Kommunalsjefen møter fast i teknisk leiarforum i Valdres

Viktige hendingar

Kommunalsjef landbruk teknisk sa opp stillinga si hausten 2023, og arealplanleggjar i etaten vart konstituert som kommunalsjef frå 15. november 2023.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	2 931	3 146	3 198	52	1,6 %

Plan , kart og byggesak

Plan

Det vart halde oppstartsmøte for fem nye planinitiativ i 2023:

- Detaljregulering Andstor (planID 2023002)
- Detaljregulering Synhaug-Vesleåne (planID 2023003)
- Detaljregulering Målnes (planID 2023004)
- Detaljregulering for S3 og C4 (planID 2023005)
- Detaljregulering Tyin sentralområde (planID 2023006)

Detaljregulering for Andstor, Synhaug-Vesleåne og Målnes har varsla oppstart, detaljregulering for S3 og C4 i Grindafjell området vart stoppa av administrasjonen og detaljregulering Tyin sentralområde har enno ikkje varsla om oppstart.

Det var sluttbehandla fire nye arealplanar i 2023:

- Detaljregulering Fjellheim (planID 2020001)

Årsmelding 2023

- Mindre endring av kommunedelplan Tyinkrysset
- Mindre endring detaljregulering Ryfoss (planID 2015001)
- Detaljregulering Bygdin (planID 2019003)

Elles var det fleire arealplanar under utarbeiding/oppfølging i 2023:

- Detaljregulering Tyinkrysset alpin (Tyinkrysset vest)
- Detaljregulering Krøssvølhaugadn 2
- Detaljregulering Fløgstrøndheisen
- Detaljregulering Børrelia III
- Detaljregulering Børrenøse
- Detaljregulering Kviissyndin nord

Byggesak

Det er behandla totalt 81 byggesaker i 2023. Dei delegerte sakene omfattar m.a. nybygg (hotell, bustader, fritidsbustader, høgdebasseng, landbruksbygg og andre mindre bygningar som garasje, anneks og uthus), tilbygg, riving, fasadeendring, ombygging og utsleppssøknadar. Det vart innvilga byggeløyve for 8 nye fritidsbustader og 4 nye bustadhus i 2023. Etaten ser framleis nedgang i talet på byggesaker, særleg nybygg av fritidsbustader. Dette er ei naturleg følgje av både tilknytingsstopp på Tyinkrysset, i påvente av utviding av reinseanlegget, og økonomisk uvisse.

Det har vore noko lengre saksbehandlingstid som følgje av mellom anna nyttilsetting og permisjon.


Kart og oppmåling

Redusert måloppnåing grunna sjukdom og anna fråvær. For lang saksbehandlingstid gjev avkorting av gebyr nedsett tenestestandard. Kompetanse på eigedomsfag og landmåling innleigd i periodar for å oppretthalde framdrift. Treårig engasjement oppretta som avbøtande tiltak, med tilsetting frå februar 2024. Omlegging av forvaltningssystem for kartdata, «Innsynsløysing» for publikum og «sky-basert sak-system» har kravd tid til opplæring og rutineendringar i 2023 og det fram i 2024.

Statleg prosjekta for eigenregistrering av einskilde bygningsdata for fritidseigedom krev medverknad frå bygg, matrikkel og økonomileiar. Skal nyttast i endra system for fastsetjing av grunnlaget for eigedomsskatt.

Statleg prosjekt for registrering av «ankomspunkt adresse» vil krevje oppfølging av adresseringsansvarleg.

Årsmelding 2023



Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	2 502	3 963	4 974	1 010	20,3 %

Drift kommunale anlegg

Verksemda kommunale anlegg består av:

- Vaktmeistertjenester
- Vedlikeholdstjeneste
- Drift og forvaltning av kommunale bygg

Kommunal eigedomsmasse:

I 2023 vart det utført fleire oppgraderingar av kommunale leilegheiter og bustader. Når me no er inne og tek oppgraderingar så er det meste total renovering.

Utvendig vedlikehold av bygg har fylgt oppsett vedlikehaldsplan og der er me i rute. Dette gjelder tak og utvendig maling.

Når det gjeld nybygg så fekk me ferdigstilt kyrkjebygget i Øye. Dette vart eit bra bygg som me håpar folk kan nytte til fleire ting.

I haust kom me omsider i gang med ombygging av kommunehuset. Dette har vore utsett ei god stund grunna situasjon med Skutshorn. Arbeidet har gått etter plan og er venta ferdigstilt til jul 24.

Årsmelding 2023

Kommunen gjekk og til innkjøp av ein nyare einebustad i Ryfoss dette året for busetting av flyktningar. Det har og vore nedsett ei arbeidsgruppe for å sjå på den totale bygningsmasse som kommunen har. Her vil det koma fram ein rapport i løpet av neste år.

Kommunale vegar:

I år har det ikkje vore utført større arbeid etter dei kommunale vegane anna enn normalt vedlikehald. Det låg inne i budsjettet for 2023 at Gydavegen skulle få ei naudsynt oppgradering, men dette vart midlertidig utsett grunna «HANS». Det vil i 2024 bli sett i gang arbeidet med å få bygd oppatt Burmavegen etter skada som oppstod i haust.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	11 747	15 251	14 233	-1 018	-7,2 %

Bustadfelt og tomter

Vang kommune har kommunale bustadfelt i Ryfoss, Åsvang, Steintræet, Lundsmarka, Bøaflata og Høgeset. På Bøaflata og Lundsmarka er alle tomtene solgt. På Åsvang er det 14 tomter som ikkje er seld, men det krev ei utviding av VA-nettet før ein kan selje tomtene som ligg lengst nord, og det krev ei utskifting av Åsvang RA før ein kan selje tomtene som ligg lengst sør.

Overordna mål

Tilretteleggje gjennom planarbeid og utbygging av infrastruktur tomter i både kommunal og privat regi, slik at Vang kommune kan vær eit attraktivt sted å etablere seg.

1. Det vart gjennomført mindre endring av detaljregulering Ryfoss for å leggje til rette for firemannsbustadar og justere nokre av tomtene.
2. Rabattordningane for tomtene i Ryfoss vart vidareført i 2023.
3. Det vart vedteke ei kompensasjonsordning for bygging av bustadar i Vang kommune.
4. Det vart selt 3 tomter i Ryfoss. Det er 15 tomter igjen, der to av desse er signert for 1 års opsjonsavtale med utbyggjar fram til mai 2024.
5. Det vart selt 3 tomter på Høgeset. Det er 1 tomt igjen, men denne blir disponert av Grindaheim Røde Kors.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-9	144	25	-119	-475,0 %

Vatn og Avløp

Vang kommune har ansvar for følgjande infrastruktur:

- Cirka 107 km med leidningsnett.

Årsmelding 2023

- 1521 kummar
- 8 vatnverk som leverer vatn til tettstader og samfunnshus.
- 4 reinseanlegg av større storleik
- 1250 abonnentar

Staben består av ein avdelingsingeniør og tre driftsoperatørar, der ein har eit leiaransvar. VA får og bistand frå prosjektleiar i etaten. Generelt er arbeidsbelastninga høg, og mykje tid må gå med på brannsløkking i motsetnad til rutinemessig og planlagt vedlikehald. Dei store investeringsprosjekta tek opp kapasitet frå andre daglege oppgåver. Ein skulle gjerne hatt 2-3 fleire på avdelinga, både for å planlegge nye prosjekt, men og for å følgje opp den nye og ofte meir komplekse infrastrukturen som no blir lagt til rette. Rekruttering opplevast likevel generelt som vanskeleg då det etterspørjast ein spesiell kompetanse. Det kjem og stadig nye krav og forventningar frå overordna myndigheiter som med dagens stab er vanskeleg å følgje opp.

Vassproduksjon


Vang kommune sine vassverk har generelt ein god standard, slik at drikkevassproduksjonen er av god kvalitet. Det einaste unntaket er Børrelie og Haugastølen der grunnvasskjeldene gir dårlegare vasskvalitet. Børrelie skal fasast ut, og det blir gjort tilstrekkelege tiltak i Haugastølen.

Vang kommune får pålegg frå Mattilsynet som i stor grad går på manglar ved internkontroll, risiko- og sårbarheitsanalysar og generell etterfølging av krav i drikkevassforskrifta. Til dømes har Vang kommune mange vasskjelder som ikkje er godt nok sikra, men på grunn av personellressursar kan ein ikkje prioritere dette arbeidet. Eit stort fokus på Tyinkrysset reinseanlegg og andre viktige prosjekt gjer at oppfølginga som Mattilsynet krev blir vanskeleg.

Avløp

Vang kommune har 4 større reinseanlegg. Ein har god og stabil drift på Grindaheim, Åsvang og Ryfoss RA. Generelt er anlegga slitne og bør skiftast ut. Vang RA og Åsvang RA er overmodne for utskifting, men på grunn av få ressursar og stort fokus på investeringsprosjekta kan ein ikkje prioritere desse prosjekta i den grad som er naudsynt. Kapasiteten på Tyinkrysset reinseanlegg er sprengt, dette blir det jobba med å få utvida no.

Distribusjon/leidningsnett



Vang kommune har 107 km med leidningsnett der 53 % av leidningsnettet er eldre enn 20 år gamalt og 15 % av leidningsnettet er eldre enn 50 år. Det er estimert at mellom 40 og 50 % av vatnet som blir

Årsmelding 2023

produsert i kommunen forsvinn på leidningsnettet, særleg i sentrum. Det er og eit enormt problem med innlekk av framadvatn på avløpsnettet. Til dømes på Tyinkrysset kjem det mest vassmengder i mai, som er ei periode der det generelt er lite folk i området. Det gjekk like mykje i overløp i mai 2023 som det blei reinsa avløpsvatn i mars 2023. Dette skuldast snøsmelting, så ein har ein enorm innlekking på nettet. Desse vassmengdene kan ein finne igjen i Ryfoss, men ikkje i Vang og på Åsvang.

Overordna mål

1. Leverer nok vatn
2. Leverer trygt vatn som ikkje fører til sjukdom
3. Vassforsyninga skal vere stabil og sikker
4. Vassverka skal oppfylle gjeldande lover og reglar
5. Vassforsyninga skal drivast kostnadseffektivt innanfor forsvarlege økonomiske rammer
6. Kloakkreinseanlegga skal oppfylle gjeldande lover og reglar
7. Kloakkreinseanlegga skal drivast kostnadseffektivt innanfor forsvarlege økonomiske rammer
8. Reinseanlegga skal drivast jamfør utsleppskrav

Økonomi

VA avdelinga hadde eit stort underskot i 2023. Dette som eit resultat av ei høg prisvekst, høgare rente samt dyre og akutte investeringar. Det vil bli ei to-sifra gebyrauke for vatn- og avløpstenestane i kommunen i åra framover. Dersom ein ikkje vel å auke gebyra må Vang kommune subsidiere sjølvkostområdet vatn- og avløp på bekostning av andre kommunale oppgåver. Tidlegare har ein ofte kunne hente inn kostnadar for investeringane gjennom tilknytingsgebyr. Dagens infrastruktur må no skiftast ut utan at ein kan hente inn inntekt frå nye abonnentar. Dette vil resultere i høgare generelle gebyrer for vass- og avløpstenestene.

Investeringar

Vang kommune har store og omfattande prosjekt i vår prosjektportefølje:

- Utviding av Tyinkrysset rensesanlegg
- Grøvtølen høgdebasseng
- Utskifting av leidningsnett Tyinkrysset
- Rammeplan VA Vang

Totalt sett har 2023 vore eit godt år for investeringar i Vang kommune, og ein har investert for over 50 millionar kroner og dermed nådd det vedtatte budsjettet innanfor VA for første gong på mange år. Tempoet har vore hektisk og krevjande, og det har vore utskiftingar i staben som har resultert i ei tidvis meget stor arbeidsbelastning på enkelte.

Oppgradering Tyinkrysset RA

Tyinkrysset rensesanlegg skal utvidast, og kapasiteten skal doblast. 2023 gjekk mykje tid til prosjektering, planlegging og anbodskonkurransar. Maskinentreprise blei landa tidleg med Xylem Water solutions AS. Byggentreprise var litt vanskelegare. Planen var eigentleg ei oppstart av anleggsarbeida seinhaustes 2023, men ein fekk ingen kvalifiserte tilbydarar i første anbodskonkurranse. Ny konkurranse var gjennomført og kontrakt blei landa etter jul 2024. Det har vore eit tungt prosjekt å jobbe med, ettersom dokumentasjonen frå bygginga var svært mangelfull. Prosjektet er planlagt ferdigstilt innan februar 2025.

Årsmelding 2023

Grøvtølen høgdebasseng

Prosjektet har gått greit, og ein forhold seg til opphaveleg slutføringsdato som er sommaren 2024. I 2023 blei sjølv bygget etablert, medan innmaten kjem på plass primo 2024. Når høgdebassenget blir ferdigstilt, kan ein ta i bruk Tyinkryset vassverk og forsyne alt aust for Grihamarstølen med vatn derifrå, slik at ein reduserar belastninga på Børrelie vatnverk.

Leidningsnett Tyinkryset

Brødrene Dokken AS har utført arbeida med å grave leidningsnett frå Tørisbrune til Grøvtølen. Leidningsnettet er klart til bruk, men ein ventar på ferdigstilling av Grøvtølen høgdebasseng.

Rammeplan VA Vang

Vass- og avløpsforsyninga blei bygd ut i stor skala i sentrum, og både Fjellheim og Klukkargrende bustadfelt fekk vatn- og avløp tilført i 2023. Leidningsnettet i aust er ferdigstilt, medan det gjenstår litt i vest. Dette har vore eit komplekst og ressurskrevjande prosjekt. Brødrene Dokken AS utførte arbeida for Vang kommune.

Viktige hendingar

Hans

I august 2023 oppstod uværet "Hans". Det viste kor sårbar Vang kommune sin infrastruktur er for ekstremvær. Brønnane til Vang vannverk måtte sikrast med ein voll ettersom Vangsmjøse steig kraftig. Ein opplevde og at fleire pumpestasjonar blei oversvømde. Dette var ein viktig lærdom for Vang kommune og ein må planlegge for klimaendringar med meir ekstremvær i åra som kjem.

Hovudplan «Vatn og avløp»

Asplan Viak utarbeidar ny hovudplan for vatn og avløp. Dette vil bli eit viktig styringsdokument for Vang kommune. Dette er den første plan av slik karakter som er utarbeida sidan 1991. Her vil hovudfokus være sanering og tiltak på det eksisterande leidningsnettet/infrastrukturen. Planen skal være klar for politisk handsaming september 2024.

Vang kommune må utarbeide ein systematisk og organisert vedlikehaldsmodell og sikre nok ressursar til dette arbeidet. I dag går mykje av ingeniør- og prosjektleiarressursane til nye investeringsprosjekt og dagens leidningsnett får for lite fokus.

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	-6 492	-4 956	-6 558	-1 601	-24,4 %

Landbruk

Vang kommune skal leggje til rette for eit fortsatt aktivt landbruk, med særlig vekt på landbruk som hovudnæring i Vang. Det skal og leggjast vekt på kulturlandskap og lokal byggjeskikk, busetting, utmarksressursar, lokal ressursutnytting og vidareforedling, stølsdrift og næringskombinasjonar.

Årsmelding 2023

Utvalde resultat

- Vurdere om det er rett å oppretthalde dagens servicetilbudet innanfor landbruksforvaltninga- Ikkje vore aktuelt
- Lage rutinar og kontrollplaner for behandling av produksjonstilskott og regionale miljøtilskott- *Vore gjennomført*
- Gje fullmakt frå settekommune for søknadsbehandling ved inhabilitet- *vart laga intensjonsavtale med Vestre Slidre 2022*
- Fullføring av vegetasjonskartlegging del 2 av 3 – *Er gjennomført med framføring til kommunestyret juni 2023 av NIBIO som sto for kartlegginga*
- Lage plan for å følgje opp bu- og driveplikt, gjennomføre planen- *Ikkje gjennomført*
- Revidere landbruksplanen- *Ikkje gjennomført vil sjå i samanheng med beitebruksplan og kommunedelplan- samfunnsdel*
- Bistå gardbrukarar i rettleiing i dei ulike tilskottsordningane- *er gjort etter beste evne.*
- Dialogmøter med faglaga- gjennomført med pizzalunsj- *gjennomført*
- Oppstart av Bondens sitt nettverk- under gjennomføring i samarbeid med Vestre og Øystre Slidre kommune. Fått kr 50 000 i støtte til gjennomføring og lage plakater- *er kome i gang.*
- Fagdag ang lausdriftskrav for storfe- Gjennomført gjennom prosjektet “Framtidstru for Valdres”
- Andre fagmøter i samarbeid med Vestre Slidre kommune- *Gjennomført Bondekafe*
- Revidering av «Tiltaksstrategi for spesielle tiltak i jordbruket» (SMIL-midler)- *er utsett til 2024*
- Revidering av Landbruksplan – Ser i samanheng med beitebruksplan og kommuneplan, samfunnsdel.
- Betre utstyret til fallviltgruppa, mellom anna med termetiske kikkert og utstyrshenger- *er vidareført og budsjettert med kr 200000 for 2024*
- Elgbeitetaksering i Vang- *Gjennomført av firmaet Naturdata våren 2023*

Landbruksforvaltningen forvalter over 50 mill i statlege overføringar gjennom ulike tilskottsordningar. Dette gjer at det er viktig ved å oppretthalde servicetilbudet innanfor landbruksforvaltninga og bistått gardbrukarar i rettleiing i dei ulike tilskottsordningane. Landbruksforvaltningen skal og vera ein støttespelar for bønder der ein ser utfordringar i kvardagen. Gjennom “Bondens sitt nettverk” vil ein kunne bistå ved å skaffe rett kompetanse der det er utfordringar.

Landbruksforvaltningen har i 2022 1,8 stillingsheimel fordelt på 2 personar.

Statistikk: 2023 (2022 i parantes)

Mjølkebruk	28 (29)	Mjølkekyr	530(541)
Bruk med andre storfe	43 (45)	Andre storfe	1066 (1149)
Bruk med ammekyr	13 (14)	Ammekyr	191 (184)
Bruk med sau	38 (37)	Vinterfora sau	2617 (2636)
Bruk med mjølkegeiter	5 (5)	Mjølkegeiter	668 (631)

Ingen kjøpte privat mjølkekvote i 2023

- Ingen selde mjølkekvota for kyr i 2023.

Kommunen har behandla følgjande saker i 2023:

- 98 søknad om produksjonstilskott og tilskott til avløyning (96 søknader i 2022)
- 77 søknader om regionale miljøtilskott i landbruket (RMP) (75 søknader i 2022)

Årsmelding 2023

- 15 søknader om tilskott til avløsning ved sjukdom og fødsel
- 4 søknader om produksjonssvikt (avlingskade)
- 19 søknader om kommunalt tilskott til landbruks føremål
- 5 søknader til Innovasjon Norge- 2 tradisjonelle og 3 forprosjekt
- 7 søknader til Spesielle miljøtiltak i landbruket kulturlandskap (SMIL-ordninga)
- 0 søknad om drenering av vassjuk jord
- 0 søknader om konsesjon

Prosjektet vegetasjonskartlegging som vart utført av NIBIO i 2022 og rapporten var framlagt for kommunestyret og beitelag juni 2023.

Skogoppsynet

Skogoppsynet har kontroll-, forvaltnings- og rådgjevingsansvar. I 2022 vart det avverka 136 m³ tømmer (2 430 m³ i 2021) med ein bruttoverdi på 63 172 kr (650 657 kr i 2021).

Kommunen har i samarbeid med Vestre Slidre og skulen årleg arrangert skogdag for 5. klasse. Tema er om skogen gjennom ein naturstig og andre aktivitetar.

Viltforvaltning

Hjorteviltforvaltninga blir teke hand om av Vang driftsplanlag for hjortevilt. Kommunen godkjente ny bestandsplan for perioden 2022-2023.

- Tilsaman 5 jaktlag og ein grunneigar har melde seg ut av driftsplanlaget og fekk tildelt kvote direkte frå kommunen.
- I 2023 vart det felt 39 elgar av ei kvote på 47 og 56 hjortar av ei kvote på 82.
- Av fallvilt 2023 er det rapportert inn 24 oppdrag der ettersøkmannskapet har vore ute. Oppdraget har vore enten ved påkøyrslar, sjukdomar og skade, eller andre årsakar. Av desse var 48 elg, 2 hjort og 14 rådyr.
- Det vart utført elgbeitetaksering i 2023 i kommunen.

Rovdyr

Vang kommune har ansvaret for rovviltforvaltning og ansvar for å ha eit operativt skadefellingslag for rovvilt.

- I 2023 vart det ikkje søkt om løyve til skadefelling av noko freda rovvilt.
- Vang kommune søkte for beitelaga midlar til forebyggjande tiltak mot rovviltskade og fekk tildelt kr. 30 000. Her vart det nytta kr 25000 til ekstra tilsyn Herredalen etter dokumentert tap av kongeørn.
- Samla tap vart 301 av 7 525 slepte sau/lam (4 %). Normaltap ligg på mellom 2 og 3 % på landsbasis. Enkelte besetningar har hatt store tap.
- Det kommunale skadefellingslaget i Vang hadde 2 samlingar med skytetrening og gjennomgang av beredskapsplan ved akutte tiltak mot rovviltskade.
- Det vart halde 2 møter i rovviltutvalet i 2023. Her vart beredskapplanen for rovvilt revidert og gjennomgang av årets beitesesong.

Miljøforvaltning

Resultat av handlingsplanen 2023:

Årsmelding 2023

Innføre retningslinjer for handtering av nye reglar for motorferdsel i utmark etter at desse er politisk behandla

Oppretthalde ordninga for skotpremie- er vidareført

Betre utstyret til fallviltgruppa, mellom anna med termetiske kikkert- Er avsett kr 200 000 til div utstyr til fallviltmannskapet for 2024 til innkjøp av utstyr.

Miljø

Planstrategi 2020-2023 for Vang kommune vedteke den 10.09.2020 stadfestar tidspunkt for utarbeiding av nye kommunedelplanar.

- Kommunehuset vart sertifisert som Miljøfyrtårn.
- Etablering av ladestasjonar for el-bilar i kommunen vart ferdigstilt i 2022.
- Oppstart av kommunedelplan for naturmangfald vart sett i gang
- Arbeidet med retningslinjer for motorferdsel i utmark i Vang vart ferdigstilt i desember 2022 og vedtake i kommunestyret i januar 2023.

Naturforvaltning

Resultat av handlingsplanen 2023:

Gjennomføre kurs for skadefellingslaget , skaffa til vege naudsynt utstyr. Anskaffe ein tilhengar med naudsynt utstyr- enkelte utstyr er innkjøpt. Investering av vilthenger er vidareført til 2024

Oppdatere beredskapsplan for skade på rovvilt, og på husdyr og tamrein - Planen vert gjennomgått kvar vår i Rovviltutvalet

Ferdigstille kommunedelplan for naturmangfald – hente inn data,

Samarbeide med driftsplanlaget om ny bestandplan for forvaltning av hjortevilt- er vidareført til 2024 då ny bestandsplan skal godkjennast

Vurdere om det er rett å oppretthalde ordninga med skotpremie- er *ikkje vurdert*. *Ordninga vert oppretthalde inntil vidare då dette er eit spleislag mellom kommunen og rettighetshavere (grunneigarlag, sameiger ol)*

10. Næringsutvikling og kraftforvaltning mm

Beløp i 1000

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
50-Næring	5 037	8 106	12 009	3 903	32,5 %
60-Kraftforvaltning	-11 940	-47 859	-16 600	31 259	188,3 %
70-Rammetilskott og skatt	-2	0	0	0	0,0 %
80-Finansforvaltning	53	44	60	16	26,0 %
90-Bruk-og avsetning av fornd	-3 352	-14 813	-7 000	7 813	111,6 %
Sum	-10 205	-54 522	-11 531	42 991	372,8 %

Årsmelding 2023

KOSTRA Nøkkeltal

	Vang 2022	Vang 2023	Etnedal	Vestre Slidre	Sør- Aurdal	Øystre Slidre	Nord- Aurdal	Kostragruppe 06
Prioritet								
Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr) *)	0	0	0	0	0	2	0	758
Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	-11 612	-10 590	296	1 103	438	65	705	280
Økonomi								
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	52,7 %	45,8 %	18,1 %	37,1 %	14,6 %	25,5 %	12,6 %	15,5 %
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger *)	211 094	204 840	143 725	149 399	148 989	144 254	156 619	162 441
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	12,3 %	2,1 %	-5,9 %	-1,5 %	1,1 %	0,2 %	-4,1 %	3,3 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger *)	185 063	200 568	152 260	151 698	147 325	143 905	163 087	157 054
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	22,6 %	25,8 %	22,3 %	32,8 %	12,7 %	16,6 %	18,1 %	15,1 %
Frie inntekter i kroner per innbygger **)	68 255	69 417	65 702	69 788	70 520	67 441	66 875	71 249
Kortsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	13,9 %	19,7 %	16,8 %	14,2 %	14,6 %	18,7 %	13,6 %	16,7 %
Kortsiktig gjeld i prosent av netto lånegjeld	24,1 %	27,6 %	30,6 %	16,3 %	22,0 %	19,2 %	21,0 %	19,4 %
Langsiktig gjeld ex pensjon i prosent av brutto driftsinntekter	63,0 %	77,7 %	88,5 %	103,2 %	74,3 %	115,2 %	70,2 %	102,1 %
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	159,5 %	177,8 %	208,7 %	216,1 %	183,7 %	205,2 %	170,7 %	224,4 %
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	15,4 %	4,9 %	-2,3 %	-2,2 %	1,1 %	1,0 %	-4,3 %	3,1 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger *)	121 636	146 312	78 866	130 369	99 158	140 913	101 832	132 144
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	57,6 %	71,4 %	54,9 %	87,3 %	66,6 %	97,7 %	65,0 %	81,3 %
Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger *)	203 661	205 077	172 837	168 684	162 995	129 768	157 286	195 676
Sertifikatlån i prosent av langsiktig gjeld ex. pensjonsforpliktelser	4,8 %	3,8 %	0,0 %	0,0 %	15,9 %	0,0 %	17,0 %	2,1 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kraftinntekter, skatt og utbytte frå kraftsektoren

Resultatet frå kraftforvaltninga vart svakare enn budsjettert og samanlikna med året 2022.

Det vart gitt 3.392.580 kr i i 2023 som fordeler seg med 2.664.000 til fastpris-ordning for næringslivet og 728.580 kr til straumstøtte overfor krigshandlingar og landbruk.

Kommunen har oppnådd større inntekter knytt til eigedomsskatt enn budsjettert på grunn av nye anlegg som for eksempel Ala -og Rysna kraftverk.

Gevinstane frå sal av konsesjonskraft vart vel 20 mill lågare enn budsjettert i 2023 oh 14,6 mindre enn tilsvarande inntekt i 2022. Renteinntekter overført frå Jotunkraft relatert til sak av konsesjonskraft i 2023 vart underbudsjettert som er bakgrunn for meirinntekter i renter på dette området.

Årsmelding 2023

Inntekter frå kraftsektoren inkl skatter	Regnskap 2023	Buds(end) 2023	Avvik	Regnskap 2022
Konsesjonsavgift	24 063 785	23 600 000	463 785	24 063 785
Eigedomsskatt	8 608 982	6 200 000	2 408 982	5 163 584
Naturressursskatt	6 260 386	6 600 000	- 339 614	6 447 650
Konsesjonskraft og fallerstatningar	44 851 172	65 000 000	- 20 148 828	59 506 873
Andels- og rettighetskraft	16 034 148	17 000 000	- 965 852	15 983 959
Renter av ansvarleg lån i Vang Energiverk A/S	3 427 999	800 000	2 627 999	2 325 839
Utbytte frå Jotun Holding A/S	-	4 000 000	- 4 000 000	2 325 839
Utbytte frå Innlandet Energi Holding A/S	858 355	500 000	358 355	334 236
Sum inntekter	104 104 827	123 700 000	- 19 595 173	116 151 765
Utgifter innan kraftsektoren				
Møteutgifter	999	-	999	-
Opplæring / kurs	6 690		6 690	400
Medlemskap i LVK etc	399 878	400 000	- 122	409 678
Skatter - andelskraft	3 296 206		3 296 206	3 633 706
Straumstøtteordningar (budsjett i kap næring)	3 392 580		3 392 580	-
Sum utgifter	7 096 353	400 000	6 696 353	4 043 784
Netto	97 008 474	123 300 000	- 26 291 526	112 107 981

Frå og 2015 har lånegjelda vore aukande i kommunen. Samla lånegjeld pr 31.12.2023 er på 232,5 mill kr

Finansar i form av innskot så vel kortsiktig og langsiktig likviditet er pr 31.12.2023 innestående i bank.

Kommunen sitt finansreglement vil bli revidert og oppdatert i 2024. Kommunelovens §14-13 viser til kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko.

